

---

---

N O T A T 2 0 1 3 – 9

---

# Kystlynghei og utegangarsau

## Økonomi og tiltak for auka verdiskaping

---

AGNAR  
HEGRENES

ARILD  
SPISSØY

SAMSON  
ØPSTAD



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

# *NILF gjev ut ei rekkje publikasjonar*

---

## **Kjem ut årleg:**

- «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk»
- «Handbok for driftsplanlegging»
- «Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»
- «Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

## **Resultat frå forsking og utgreiingar vert gjevne ut i tre seriar:**

- «NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreiingar
- «Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og sluttrapportar frå mindre prosjekt
- «Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettplulisering).

## **NILF gjev også ut:**

- «Merverdiavgiftsnøkkel for landbruket»
- «Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»
- Regionale dekningsbidragskalkylar.

## **NILF er sekretariat for Budsjettetnemnda for jordbruket som årleg gjev ut:**

- «Totalkalkulen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)
- «Referansebruksberegninger»
- «Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»
- «Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:  
*<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>*

---

NOTAT 2013-9

---

# Kystlynghei og utegangarsau

*Økonomi og tiltak for auka verdiskaping*

Agnar Hegrenes

Arild Spissøy

Samson Øpstad



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

---

<b>Serie</b>	Notat
<b>Redaktør</b>	Agnar Hegrenes
<b>Tittel</b>	Kystlynghei og utegangarsau. Tiltak for auka verdiskaping
<b>Forfattarar</b>	Agnar Hegrenes, Arild Spissøy, Samson Øpstad
<b>Prosjekt</b>	Feral sheep in coastal heaths – developing a sustainable local industry in vulnerable cultural landscapes (I044)
<b>Utgjevar</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking (NILF)
<b>Utgjevarstad</b>	Oslo
<b>Utgjevingsår</b>	2013
<b>Tal sider</b>	46
<b>ISBN</b>	978-82-7077-860-7
<b>ISSN</b>	0805-9691
<b>Emneord</b>	kystlynghei, utegåande sau, willsau, verdiskaping, tilskots-ordningar

---

## Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettet for jordbruket og dei årlege driftsgranskningane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Føreord

---

Kystlynghei er ein utsett naturtype. Lyngsviing og heilårsbeite med sau er frå gamalt viktige element i bruken av kystlyngheiane. Dersom kystlyngheiane ikkje vert brukte, vil dei etter kvart gro igjen med skog. Bioforsk i samarbeid med fleire andre institusjonar har i åra 2007–2012 gjennomført prosjektet «Feral sheep in coastal heaths – developing a sustainable local industry in vulnerable cultural landscapes». Prosjektet var finansiert gjennom Noregs forskingsråd – Arealprogrammet (prosjekt 178209/I10), Fylkesmannens landbruksavdeling i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, fylkeskommunen i dei same fylka pluss Rogaland, næringa og kommunar langs kysten.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking (NILF) var ein av samarbeidspartnarane. NILF hadde hovudansvaret for den økonomiske forskinga i prosjektet. Denne har i hovudsak vore retta inn mot næringsutvikling på basis av produkt frå drift med utegangarsau i kystlynghei. Forskar Agnar Hegrenes har hatt ansvaret for NILFs del av prosjektet og har skrive notatet i samarbeid med forskar Arild Spissøy, NILF, og forskar Samson Øpstad, Bioforsk. Notatet vart i hovudsak avslutta i 2012.

I prosjektet har vi vore i kontakt med mange personar. Ein stor takk til dei som har stilt til intervju og latt oss få innsyn i villsaudriften. Vi takkar og Terje Wester, Vidar Fatland og Audun Stople, Fatland slakterier AS, og Rolf G. Fjeldheim, Nortura, som tok seg tid til samtalar om marknaden for villsaukjøt.

Vi takkar samarbeidspartane, dei som finansierte prosjektet og dei som har gitt nyttig informasjon, for godt samarbeid. Ei spesiell takk til Ann Norderhaug og Liv Guri Velle i Bioforsk for godt samarbeid og gode kommentarar til tidlegare utkast til notat.

Oslo, mai 2013  
Lars Johan Rustad



# Innhold

---

SAMANDRAG .....	1
1 INNLEIING OG FORMÅL.....	3
2 HISTORISK OVERSIKT .....	5
3 VILLSAUHALDET I VÅRE DAGAR .....	9
3.1 Omfang av villsauhaldet.....	9
3.2 Pris- og marknadstilhøve for villsauprodukt.....	12
3.3 Teoretisk forklaring på prisutviklinga for villsaukjøt .....	13
3.4 Ordningar og tiltak som det offentlege har sett i verk for å ta vare på kystlyngheiane og gammalnorsk sau.....	14
3.4.1 Produksjonstilskot forvalta av Statens landbruksforvaltning .....	14
3.4.2 Tiltak gjennom RMP og SMIL .....	15
3.4.3 Handlingsplan for kystlynghei m.m.....	16
3.4.4 Tiltak i marknadsføring.....	17
3.5 Økonomien i villsauhaldet .....	17
4 TILTAK FOR Å AUKE VERDISKAPINGA FRÅ UTEGANGARSAU OG LYNGHEIAR .....	23
4.1 Tiltak i drifta.....	23
4.2 Tiltak i utnyttinga av slakt og andre produkt .....	25
4.3 Produktdifferensiering og bruk av beskytta geografisk nemning .....	26
4.3.1 Økonomiske argument for differensiering og bruk av beskytta nemning.....	26
4.3.2 Generelt om beskytta produktnemningar for næringsmiddel .....	27
4.3.3 Erfaring frå bruk av geografisk nemning.....	29
4.3.4 Villsau frå Norskekysten.....	30
4.3.5 Andre aktuelle merkeordningar .....	31
4.4 Organisering av omsetning av villsauprodukt.....	32
4.4.1 Omsetningsformer.....	32
4.4.2 Val av selskapsform ved eigen foredling og omsetning .....	33
4.5 Betaling for kollektive gode ved utegåande sau i kystlynghei.....	34
5 DRØFTING, KONKLUSJON OG NYE PROBLEMSTILLINGAR .....	37
5.1 Drøfting og konklusjonar .....	37
5.2 Nye problemstillingar.....	38
REFERANSAR .....	41



# Samandrag

---

Dette notatet er ein del av prosjektet «Feral sheep in coastal heaths – developing a sustainable local industry in vulnerable cultural landscapes» som er gjennomført av Bioforsk i samarbeid med fleire andre institusjonar, mellom andre NILF. Formålet med notatet er å gje ei oversikt over økonomien i drift med utegåande sau i kystlynghei og korleis ein kan auke lønsemrd og verdiskaping for å bidra til å ta vare på denne naturtypen. Notatet tek opp to hovudspørsmål:

- Korleis er økonomien i drift med utegåande sau i kystlynghei, og kva er dei viktigaste faktorane som bestemmer lønsemrd?
- Korleis kan ein auke verdiskapinga i denne driftsforma?

Notatet skal

- gje ei kort historisk oversikt over bruken av kystlyngheiane
- gje ei oversikt over utegangardrift med gammal norsk sau (villsauhaldet) slik den er no
- gje ei oversikt over kva villsauhaldet har å seie økonomisk
- omtale av ordningar og tiltak som det offentlege har sett i verk for å ta vare på kystlyngheiane
- drøfte tiltak for å styrke næringsutvikling i villsaudrift og foredling av villsaprodukt.

Bakrunn og formål er nærmere omtala i kapittel 1. Kapittel 2 er ei kort historisk oversikt over utviklinga av kystlyngheiane. Dei noverande kystlyngheiane er restar av ein landskapstype som var utbreidd langs kysten av Vest-Europa. Ein god del av kystlyngheiane har blitt borte gjennom oppdyrkning, endring i beitebruk og gjengroing, planting av skog og ved at areal er teke til byggjegrunn og vegar. I Noreg legg styresmaktene vekt på å bevare kystlyngheiane.

Beiting, spesielt heilårsbeiting med sau, og lyngsviing er viktig for å ta vare på kystlynghei. Sauer av gammal norsk rase er best eigna til slik beiting. Denne driftsforma er omtala som utegangarsau eller utegåande sau. Utegåande sau er ei eiga dyregruppe for husdyrtildskot. Dette er sauar som går ute heile året og stort sett klarer seg sjølve. Slik drift treng dispensasjon frå forskriftene for hald av sau. Villsau er og brukt som nemning på utegåande sauar, men villsau er og ei gruppe ved klassifisering av slakt. Då er det rase som er avgjerande kriterium.

Kapittel 3 er ei oversikt over utegangardrift og produksjon av villsaukjøt. Både talet på utegåande dyr i tilskottssamanhang og talet på slakt av villsaulam har auka raskt fram til 2010-11. Meirprisen på villsaukjøt som Nortura og Fatland Slakterier betalte, har minka, og no er klassifisering og betaling som for andre sau- og lammeslakt. Denne utviklinga kan forklarast med at produksjonen av villsaukjøt har auka langt meir enn etterspørseleien slik at ein stor del av villsaukjøtet går inn i produksjonen i lag med anna sauekjøt. På grunn av at villsaulam er små, oppnår dei jamt over dårlegare klassifisering enn lam av andre rasar. Oppnådd pris for villsauslakt er difor lågare enn prisen for andre slakt. Kapittel 3 inneheld òg ei oversikt over tilskotsordningar til kystlynghei og utegåande sauar og omtale av andre tiltak for å ta vare på kystlyngheiar. Dessutan er det ei drøfting av inntekter og kostnader i villsaudrift og nokre enkle økonomiske kalkylar. Drift med utegåande sauar har små kostnader samanlikna med anna sauehald. Dette

gjeld både før, bygningar og maskinar. Det kan vere kostnader til gjerde og til stell av lyngheia (sviing og rydding), men dette varierer ein god del mellom lokalitetane. Arbeidsforbruket er avhengig av korleis drifta er lagt opp. Tilsyn med dyra gjennom året krev ein del arbeid, Ein skal samle dyra for klipping, merking og uttak av slaktedyr. Lyngsviing krev noko arbeid. Likevel er arbeidsforbruket jamt over lågt samanlikna med «vanleg» sauehald. Det ser ut til å vere mogeleg å oppnå ei rimeleg arbeidsbetaling ved drift med utegåande sauar.

I kapittel 4 ser vi på tiltak for å auke verdiskapinga i villsaudrifta. Dette gjeld både primærproduksjon, foredling og omsetnad. Vi ser mellom anna på tiltak som direkte marknadsføring, produktdifferensiering og bruken av beskytta nemningar som verkemiddel for auka verdiskaping. Villsau frå Norskekysten vart i 2010 godkjend som beskytta geografisk nemning, men dette er ikkje teke i bruk i marknadsføringa enno. Det kan sjå ut til at det er lettare for lokale produsentar enn for dei store salsorganisasjonane å selje villsauprodukt med ekstra pris. Dei lokale produsentane kan lettare selje ein «pakke» av kjøt og andre villsauprodukt saman med kulturhistorie. Kombinasjon av geografisk nemning og lokal produksjon kan kanskje bli vellukka.

Kystlynghei har eigenskapar som kan karakteriserast som kollektive gode. Dersom dei som driv med utegåande sauar og skjøttar kystlynghei, ikkje får betaling for dei kollektive goda ved kystlynghei (og at ein tek vare på husdyrrasar), kan «produksjonen» av kystlynghei bli for liten i høve til det som er samfunnsøkonomisk lønsamt. Tilskotsordningane til kystlynghei, utegåande sauar og bevaring av trua husdyrrasar kan oppfattast som samfunnets betaling for slike gode. Tilskotsordningane til utegåande sauar omfattar mange element frå relativt generelle tilskot som beitetilskot (både beitetilskot og tilskot til dyr på utmarksbeite) og husdyrttilskot, tilskot gjennom RMP og SMIL og tilskot til utvalde kystlyngheiar. Målrettinga og krava aukar frå dei førstnemnde til dei sistnemnde. Spesielt for dei landskapa som har høgast prioritet, er det viktig med godt og langsiktig samarbeid mellom styremakter og produsentar. Ut frå samfunnsøkonomisk vurdering er det rett å gje tilskota mest mogeleg direkte til det ein vil støtte og ikkje indirekte. Vi har ikkje evaluert ordningane, men inntrykket er at det er lagt mykje arbeid i å finne fram til eigna ordningar.

Kapittel 5 er ei kort drøfting av resultata og konklusjonane. Det er òg nokre forslag til vidare forsking.

# 1 Innleiing og formål

---

Det norske kystlandskapet er forma i eit samspel mellom menneske og naturkrefter gjennom fleire tusen år. Kystlynghei er kystnær beitemark dominert av røsslyng. Nove-rande kystlyngheiar er restar etter eit landskap som var utbreidd langs kysten i heile Vest-Europa. Landskapet vart skapt gjennom skogryddig, beiting, lyngsviing, försanking og uttak av brenntorv. I kystområda var llynghediane utmarka for gardsbruks, og sauher, geiter, storfe og hestar beitte der (Velle 2012: 15). Dei milde vintrane gjorde at ein kunne ha heilårsbeiting, særleg var heilårsbeiting med sau vanleg (Velle 2012: 15; Kaland og Kvamme 2012).

Arealet av kystlynghei har minka dei siste hundreåra, både i Noreg og elles i Vest-Europa. Det er mange årsaker til dette. Endra beitebruk er ei av dei. Frå rundt 1850 og utover vart den gamle, norske saueraisen gradvis erstatta av importerte rasar og nye norske rasar. Desse gav større kjøtproduksjon, men det var naudsynt med sterkare føring og meir inneföring. Heilårsbeiting og lyngsviing vart mindre vanleg. Nokre område har vorte oppdyrka medan andre har vorte tilplanta med barskog, særleg gran og sitkagran. Noko er teke til tomtegrunn for hus og hytter, og vegar er bygde gjennom llynghediane. Nokre areal ligg meir eller mindre unytta. Utan lyngsviing og beiting vil areala endre karakter og ikkje lenger vere kystlynghei. Dei attverande kystlyngheiane er difor truga både av attgroing og av å bli tekne i bruk til andre formål. Kystlyngheiane er døme på landskapstypar der uttrykket «vern gjennom bruk» høver godt.

Naturmangfaldslova frå 2009 (Lov 19. juni 2009 nr. 100) har skjerpa kravet til å ta vare på naturtypar, også kystlynghei. Som ledd i dette har Direktoratet for naturforvalting (2012a) utarbeidd forslag til handlingsplan for kystlynghei og til å gjere kystlynghei til utvald naturtype.

Heilårsbeiting med sau (utegangarsau) er viktig for å ta vare på kystlyngheiane. Skal tilstrekkeleg mange sauher beite, må bønder i dei aktuelle områda finne tilstrekkeleg lønsemid i utegangardrift. Det er så vidt vi kjenner til få analysar av økonomien i utegangardrift og villsauhald. Dei einaste norske arbeida vi kjenner til, er Aanesland & Wold (1981) og Kvamme, Kaland & Brekke (2004). Desse kjem vi tilbake til i kapittel 3.4.

Formålet med dette notatet er å gje ei oversikt over økonomien i drift med utegåande sauher i kystlynghei og om og korleis ein kan auke lønsemida og verdiskaping for å bidra til å ta vare på denne naturtypen. Dette er formulert i to hovudspørsmål:

- Korleis er økonomien i dag, og kva er det viktigaste faktorane som bestemmer lønsemida?
- Korleis kan ein auke verdiskapinga i denne drifforma?

Notatet skal

- gje ei kort historisk oversikt over bruken av kystlyngheiane
- gje ei oversikt over utegangardrift (villsauhaldet) slik den er no
- gje oversikt over kva villsauhaldet har å seie økonomisk
- omtale av ordningar og tiltak som det offentlege har sett i verk for å ta vare på kystlyngheiane
- drøfte tiltak for å styrkje næringsutvikling i villsaudrift og foredling av villsauprodukt.

I dette notatet er ord som villsau, utegangarsau, utegåande sau, gammalnorsk sau og utegangardrift brukte. I praksis er desse orda brukte meir eller mindre om kvarandre, og det kan vere forvirring om kva som er meint. Noko av forvirringa kjem av at ein kan bruke uttrykka i minst tre samanhengar: (1) omtale av ein sauerase, (2) omtale av ein driftsmåte med spesielle reglar om drift og tilskot, og (3) om kjøt og andre saueprodukt. Omgrepa er omtala og definerte i vedlegg 1.

Ordet verdiskaping er brukt på mange måtar i økonomisk litteratur og i dagleg tale og skrift. I nasjonalrekneskap er verdiskaping brukt som uttrykk for den meirverdien som er skapt i bedrifter eller næringar (Statistisk sentralbyrå 2012). Verdiskapinga er då målt som verdien av produserte varer og tenester minus verdien av innkjøpte innsatsfaktorar. Produktsubsidiar inngår i verdien av produserte varer og tenester, men ikkje meir-verdiavgift og andre produktkattar. Heller ikkje andre tilskot enn direkte produktsubsidiar inngår. Verdiskapinga er då knytt til produksjon og omsetning av varer og tenester i «vanlege» marknader. Tilsvarande omgrep og definisjonar kan nyttast på bedriftsnivå. Verdiskaping i denne tydinga er då den evne som til dømes ein aktivitet har til å betale for arbeid og investert kapital. I jordbruket vil denne betalingsevna også vere påverka av tilskot som ikkje går inn i produktverdien og i verdiskapinga slik denne er definert av Statistisk sentralbyrå.

Kystlynghei kan ha verdiar utover dei som kan omsetjast i ein marknad og som er omfatta av verdiskapingsomgrepet slik det er brukt ovanfor. Det kan vere miljøverdiar knytt til artar og biologisk mangfald, kulturhistoriske verdiar og verdien av ope landskap. Utvikling av tradisjonelle varer og tenester som styrkjer økonomien i villsaudrifta, kan gjere det enklare å ta vare på kystlyngheiane og dei verdiene som er knytte til kystlyngheiane (planteartar og naturtypar, husdyrrasar osb.). Likevel er det ikkje sikkert at næringsutvikling er tilstrekkeleg til dette. Difor vil vi og drøfte alternative måtar for å betale for dei tenestene som ikkje kan omsetjast i ein varemarknad.

## 2 Historisk oversikt

---

Funn av mange trestubbar i kystmyrar vitnar om at skogen ein gong i tida har vaks ut på kysten. Velle (2012: 14) har omtalt utviklinga av kystlynghei frå dei første vart etablerte for 6 000 år sidan og framover.<sup>1</sup> Den siste store ekspansjonsperioden for kystlynghei var i vikingtida (Kaland 1999: 117). Kystlynghei hadde den største utbreiinga rundt år 1800 e.Kr. Den skarpe vest-austgåande klimagradienten på tvers av kystlinja gjorde at lyngheibeltet aldri var breiare enn 15–40 km. Lenger inne i landet var det for mykje snø til at sauvar kunne finne nok før på vinterbeite (Kaland 1999).

Storfe, hestar, geiter og sauvar beita i lyngheiane, og i periodar med gunstig klima gjekk truleg storfe og hest ute i store delar av året. Røsslyng er viktig del av vinterføret til sau (Norderhaug & Thorvaldsen 2011). Gamalnorsk sau er gjennom lang tid tilpassa heilårsbeiting i kystlynghei.<sup>2</sup> Ifølgje Thorvaldsen (2011: 16) bør det i størst mogeleg grad vere utegangarsau som beiter i kystlynghei.

Bruken av kysten og kystlyngheiane har endra seg over tid. Mellom annan i høgmelomalderen (frå vikingtida og framover mot svartedauden) endra kystlandskapet seg i mange område. Sulebust (1998:116–117) skriv mellom anna:

«På tidlegare engslåtter og på utmarksteigar, på jordflekker langs setervegane og på øyar der ingen før hadde teke eit spadetak, skaut det no opp hus, og ny innmark og nye åkrar vart rydda.»

Frå tida rundt den industrielle revolusjonen endra husdyrhaldet seg. Det vart meir inneföring og mindre vinterbeiting, også på kysten. Lyngslått som før var ein del av den årlege försankinga, vart etter kvart ein måte for å skaffe tilleggsfôr i år med lite anna fôr. Lyngslått bidrog til å fornye lyngen. Lyngsviing har vore nytta for å legge kystlyngheiane til rette som beite. Lyngsviinga har hatt særleg tre funksjonar: a) fjerne gammal vegetasjon og hindre gjengroing med busker og tre; b) frigjere næring og stimulere til ny vekst av vegetasjon inkludert urter og gras; og c) fornye røsslyngen. Lyngsviinga har såleis påverka beitekvaliteten.

---

<sup>1</sup> Omtale av kystlynghei finn ein og i til dømes Kaland (1999), Kaland & Kvamme (2012), Kvamme et al. 2004 og *Naturen* 2009 nr. 2 (spesialnummer om kystlynghei).

<sup>2</sup> Sæland (1919 spalte 594) har ein interessant omtale av vinterføring av sau:

«Utegang om vinteren kan benyttes i snefattige trakter av landet; særlig kysstrakterne. Ja det hænder ikkje så sjeldan langs vore kyster at sauvar helt og holdent føder sig sjølv ute hele vinteren. Har man paa slike steder nogenlunde lett adgang til sommerbeite, og gode avsetningsvilkaar, vil sauvar være særdeles lønsom. Ja i det hele er det en stor herlighet for sauvarholdet at ha saa milde vintrer at sauvar kan gaa ute... Naar vinterbeiterne er simple og veiret dertil surt og rusket, er knapt det lønner sig at ha sauene ute, og hel indeføring blir ofte lang billigere end folk tror. Sauvar æter langt bedre alt den faar naar den stadig staar inde og ikke anstrenger sig og ikke fryser – og da gaar det litet mat.»

Gradvis vart det slutt på lyngslått, lyngsviing og beiting. Mange av dei areala som var best eigna for jordbruksdrift, vart oppdyrka slik som på Lista og Jæren (Kaland 1999: 117). Ein del andre område vart planta til med skog (gran og sitkagran). Frå om lag 1930 la styresmaktene tilhøva til rette for skogplanting, og skogplantinga var særleg omfattande i 1950-åra. Andre endringar i arealbruk (vegar og tomtar for hus og hytter) har også lagt enkelte område under press. Nitrogentilførsel via nedbør er ei sannsynleg drivkraft bak heiforandringar på Sørvestlandet (mellan anna mindre røsslyng og meir blåtopp) (Fremstad 1992). Endringa i bruken av kystområda har ført til gjengroing mange stader, og gjengroing er no den mest vanlege endringa i kystlandskap.

Den rasen som no er kalla gammalnorsk sau, er den rasen som liknar mest på dei sauene som var i Noreg frå gammalt. Denne sauetypen var sannsynlegvis nokså einerådande fram til 1600–1700-talet (Norsk genressurssenter 2012a, 2012b). Eit unnatak var tautersauen som skal vere avla fram av munkane ved klosteret på Tautra ved innkrysning med utanlandske rasar som spansk merino og engelske rasar, men ingen veit sikert korleis rasen vart laga (Sæland 1919: 556).<sup>3</sup> Dersom det er munkane på Tautra som har avla fram rasen, må det ha skjedd mellom år 1207 då klosteret vart innvigd og reformasjonen i 1537 då klosteret vart nedlagt (Wikipedia; Fortidsminneforeningen). Drabløs (1997: 497) refererer til Nedkvitne (1955) som har hevda at tautersauen er yngre her i landet enn ryktet vil ha det til.

Frå tidleg på 1700-talet vart det importert sauar frå Storbritannia (Norsk genressurssenter 2012a, 2012b). Smitt (1874) omtalar import av livdyr til Noreg på 1800-talet. Både spanske og britiske dyr vart importerte. Avlsarbeidet og importen av dyr synest å ha blitt meir systematisk frå om lag 1860 og utover (Smitt 1874, Sæland 1919: 555). I 1874 skreiv Smitt at «(f)aaret er maaske det af vore Husdyr, for viss Forædling der er gjort mest.» Ifølgje Drabløs (1997: 67) var det «(f)ørst mot slutten av 1800-talet, då parolen vart meir kjøt og ikkje for fin ull, tok kryssingsdyra til å så gjennom, men då etter kriterium som bøndene sjølv og lokale tenestemenn sette.»

Meir og meir vart det gamle saueslaget borte, men genar levde vidare i nye rasar. Dei «norske» rasane er skapte ved å krysse dyr av gammal norsk rase med importerte dyr. Rundt 1920 var det vanskeleg å finne ublanda dyr: «Bare hist og her i avdaler og utbygger findes det rent, f. eks. i Sætesdalen, nordligst i landet («sjøvottsa», «finnsau») og i visse skogbygder østenfelds.» Sæland skriv at sauene er små (35–45 kg levande vekt), men er utan tvil flinkare til å mjølke og meir fruktbar enn nokon annan rase. Lamma veks raskt, og når dei er godt ernærte er dei bortimot utvaksne ved 8–9 månaders alder. «Den gamle norske sau er den vetugste av alle racer vi har; derfor bl.a. slem til at traar og hoppe gard og et følt vanedyr.» (Sæland 1919: 555). Staten oppretta i 1912 avlsstasjonar for gammalnorsk sau på Løyland i Valle (Setesdalen) og på Hidle i Ryfylke. Dyra på Hidle kom frå Austevoll. Det innsamla materialet på dei to avlsstasjonane utgjer grunnstamma for den norske spælsauen (Velle & Øpstad 2009).

Den gammalnorske rasen levde vidare som utegangarsau i enkelte område i Hordaland. Ein reknar med at rundt 1950 var det berre mellom 500 og 1000 dyr av gammalnorsk rase (Velle & Øpstad 2009: 95) hovudsakleg i Austevoll i Hordaland. Aanesland og Wold (1981) rekna med at det i 1978 var opp mot 500 dyr. Selbjørn Villsaulag vart starta i 1956 med formål å fremje villsaudrift og ta vare på den gammalnorske sauens (Løne 1991: 36; Norsk genressurssenter 2012a, 2012b). Det skal fleire gonger vere prøvd innkryssing med andre rasar (Sjeviot, Dala og Spælsau) for å få større dyr, men

<sup>3</sup> Frå rundt 1450 og til slutten av 1700-talet var merinoavlen eit godt beskytta monopol for Spania. Det var dødsstraff for eksport av merinodyr, jamvel for eitt enkelt dyr. Kongen var den einaste som hadde lov til å eksportere. Sjølv med trussel om dødsstraff, vart det smugla ut dyr, mellom anna til Sverige i 1723. (Berge 1955: 286–287; <http://en.wikipedia.org/wiki/Merino>).

kryssingane og avkomet deira har ikkje klart vintrane, så stammen har stor sett halde seg ublanda (Løne 1991: 39). Livdyr vart selde frå Austevoll til Tarva i Bjugn og andre stader (Velle & Øpstad 2009, Norsk genressurssenter 2012a, 2012b). Seinare vart livdyr selde til andre område, og ein har klart å byggje opp att stamma. No er det slike sauер langs heile kysten nordover til Lofoten (Velle & Øpstad 2009). Det er også villsaudrift austover til Varangerhalvøya (Nesseby villsaulag 2012; Schanche 2011). Nesseby villsaulag (2012) opplyser at lammekjøtet er «nesten økologisk», men fordi mødrene om vinteren lever på rundballefôr og høy som er dyrka ved hjelp av kunstgjødsel, har dei ikkje lov til å kalle kjøtet økologisk. Det er og hus med tre veggar i beiteområdet. Dette er såleis ikkje utegangarsau i den meininga at sauene stort sett klarer seg sjølve.



### 3 Villsauhaldet i våre dagar


#### 3.1 Omfang av villsauhaldet

Ein veit ikkje sikkert kor mange dyr det er av rasen gammalnorsk sau i Noreg no, eller kor mange dyr som beiter i kystlyngheiene. I det følgjande tek vi med noko informasjon for å få eit inntrykk av omfanget.

Ved søknad om produksjonstilskot, husdyr, er det ei gruppe for utegangarsau (kode 133).<sup>4</sup> Dette er sauer som går ute heile året og som i vinterperioden ikkje får dagleg tilsyn og tilførsel av fôr (Statens landbruksforvaltning 2010a). Husdyrtilskot til utegangarsau kom inn i jordbruksavtalen i 2005 (St.prp. nr. 69 (2004–2005)). Det er difor grunn til å tru at tala for utegangarsau for etter 2005 er meir pålitelege enn tala for åra før. Dyretalet ved årsskiftet er lagt til grunn for utbetaling av produksjonstilskot og omfattar både dyr over og under 1 år. Dyretalet per 31.07. er lagt til grunn for utbetaling av beitestilskot. Figur 3.1 viser talet på søkerar ved kvar teljedato frå 2005 til 2012, mens figur 3.2 viser talet på dyr ved dei same datoane. I gjennomsnitt auka talet på utegangarsau (vintertalet) med nær 3 770 dyr kvart år frå 2003 til 2010 (vedlegg 2). Dette svarer til ein auke på 38,5 prosent per år (rentesrenteformel).

Per 31. juli 2012 var det om lag 57 800 utegåande sauer (både vaksne og lam). Talet på utegåande dyr 31. juli har vore om lag 60 prosent større enn talet på dyr 1. januar same året. Dette kan tyde på at det er mindre enn eit lam per øye i gjennomsnitt.


Det er ikkje krav om at dyra skal vere av gammalnorsk rase for å få produksjonstilskot som utegåande sauer, eller at dyra går i kystlynghei. Per 1.1.2011 var det såleis 282 utegangarsauer i Hedmark og Oppland der det ikkje er kystlinje. Likevel er det grunn til å tru at dei fleste dyra som i tilskottssamanheng er definerte som utegangarsau, er gammalnorsk sau då denne rasen synest best eigna til å klare seg ute om vinteren. I kapittel 3.3 er det ein nærmare omtale av tilskotsordningar for utegåande sau.



Figur 3.1 Talet på søknader om produksjonstilskot til utegåande sauer 2005–2012 (kode 133)

Kjelde: Samanstilling etter Statens landbruksforvaltning, sjå vedlegg 2


<sup>4</sup> Statens landbruksforvaltning nyttar uttrykket «utegangarsau» ved søknad om produksjonstilskot og uttrykket «utegåande sau» i statistikken over søknader.



Figur 3.2 Tal utegåande sauер det er søkt produksjonstilskot for 2005–2012 (kode 133)

Kjelde: Samanstilling basert på data frå Statens landbruksforvaltning, sjå vedlegg 2

Per 1.1.2012 hadde buskapane med utegåande sauер 46 dyr i gjennomsnitt. Sommaren før (per 31.7.2011) hadde kvar sokjar i gjennomsnitt 80 dyr. Utviklinga i gjennomsnittleg storleik på sommar- og vinterbuskap frå 2005 til 2012 er vist i figur 3.3. Året 2011 skil seg ut ved at det ar mange dyr om sommaren utan tilsvarende auke i talet på dyr om vinteren. Samla sett kan det sjå ut til at veksten i haldet av utegåande sauher har stoppa opp.



Figur 3.3 Utegåande sauher per sokjar om produksjonstillegg for utegåande sauher per 1.1. og 31.7., 2005–2012

Kjelde: Utrekning basert på data frå Statens landbruksforvaltning, sjå vedlegg 2

Flest utegangarsau er det i Hordaland som har hatt om lag ein tredel av alle utegåande sauher i landet dei seinaste åra, sjå vedlegg 2. Kommunane Austevoll, Radøy og Lindås har til saman meir enn halvparten av alle utegåande sauher i Hordaland. Utanfor Hordaland er det mange utegåande sauher i Eigersund og Nord-Rogaland (Karmøy, Tysvær og Vindafjord), i Solund (Sogn og Fjordane), Flatanger og Vikna (Nord-Trøndelag) og Lurøy (Nordland).

Ifølgje Animalia (2012) var det i 2011 nesten 50 000 lammeslakt av villsau (Tabell 3.1). Dette var ca. 5 000 fleire lammeslakt enn i 2010 og meir enn 30 000 fleire enn i 2006. Animalia sin statistikk omfattar alle slakteri i landet. Villsaulam utgjorde ca. 5 prosent av alle slakta lam i 2011. Det var slakta dobbelt så mange villsaulam som økologiske lam.

**Tabell 3.1 Enkelte data for slakta villsaulam og ordinære lam, åra 2001, 2006, 2010 og 2011**

	<b>2001</b>	<b>2006</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>
<b>Villsaulam</b>				
Tal produsentar	224	786	1770	1817
Tal lammeslakt	4 187	18 825	44 839	49 723
Lammeslakt per produsent	19	24	25	27
Middel slaktevekt, kg	10,78	11,12	10,65	10,41
Middel klasse	3,07	3,86	4,73	4,64
Middel feittgruppe	4,84	4,95	4,86	4,82
Andel overfeite lam, %	4,80	8,08	4,71	4,04
Andel stjernelam, %	0,19	1,35	1,77	1,38
<b>«Ordinære» lam</b>				
Tal produsentar	21 330	16 970	14 513	14 186
Tal lammeslakt	945 265	973 154	940 772	921 076
Lammeslakt per produsent	44	57	65	65
Middel slaktevekt, kg	18,03	18,39	18,72	18,25
Middel klasse	5,23	6,74	7,72	7,68
Middel feittgruppe	5,85	5,58	5,54	5,39
Andel overfeite lam, %	20,31	13,26	10,65	9,37
Andel stjernelam, %	23,54	53,35	67,00	64,57

Kjelde: Animalia (2012)

Det var meir enn dobbelt så mange produsentar som leverte villsaulam i 2011 som det var sokjarar om produksjonstilskot for utegåande sauver per 31.7.2011 (samanlikning av figur 3.1 og figur 3.2 og tabell 3.1). Også talet på registrerte slakt av villsaulam i 2010 og 2011 er svært stort i høve til kor mange utegåande sauver det er søkt produksjonstilskot for per 31. juli i dei to åra. Det kan vere fleire årsaker til at tala frå dei ulike kjelde- ne tilsynelatande ikkje stemmer overeins. For det først kan det vere ein del eigarar av dyr av gammalnorsk sau som ikkje søker om produksjonstilskot fordi dei har for liten omsetning til å få tilskot. For det andre kan det vere ein del brukarar med gammalnorsk sau som ikkje har dyra ute heile året og difor ikkje søker om tilskot til utegåande sau, men til «vanleg sau». Slakta kan likevel bli klassifiserte som villsau. Ein bør difor skilje mellom kva som er utegåande sauver i tilskotssamanheng og kva som er klassifisert som villsau ved slakting, sjå vedlegg 1. I tilskotsamanheng er det driftssystem som er kriterium. Inndelinga i slaktestatistikken er basert på rase.

Sjølv om det er noko avvik mellom data frå tilskotsstatistikk og slaktestatistikk, viser begge same trend: ein sterk auke i talet på utegåande sauver, dyr av gammalnorsk rase og slakt av villsaulam. Også i intervju med nøkkelpersonar som driv med villsau, og oppslag i media, vert det fortalt at salet av livdyr er stort og at rasen spreier seg raskt, særleg langs kysten. Tala for 2011 og 2012 kan likevel tyde på at veksten har stoppa opp.

Middel slaktevekt for villsaulam var 10,4 kg i 2011. I 2008 var middel slaktevekt 11,35 kg som er den høgaste som har vore registrert (Animalia 2010).

Kvaliteten på vinterbeite vil i stor grad bestemme kor mange dyr ein kan ha på ein lokalitet utan at det går ut over slaktekvaliteten. Arealkravet per dyr varierer med klima, berggrunn, jordart og vegetasjon. Buer (2011) tilrår 10 dekar godt lystheibeite per mordyr på heilårsbeite. I praksis varierer arealet frå rundt 10 dekar og oppover (Kittelsen 2008). Utrekningar for gamle skogreisningsplanar viser at det finst opp mot 2 mill. dekar som er eigna som vinterbeite for sau, slik at potensialet for villsau langs norskekysten er 130 000 dyr (Nilsen u.å.). Dette svarar til eit arealkrav på 15 dekar per sau. Ifølgje Nilsen (u.å.) er arealkrav per overvintra dyr 60 dekar på Selbjørn i Austevoll kommune, mens det på Været på Tarva er 25 dekar. På Lurekalven ved Lyngheisenteret i Lindås i Hordaland har ein om lag 12 dekar per overvintrande sau (Thorvaldsen 2011: 16).

## 3.2 Pris- og marknadstilhøve for villsauprodukt

Villsauen gjev kjøt, ull og skinn. Slakt av villsau (gammalnorsk sau) vert klassifiserte etter same reglar som andre saue- og lammeslakt. Både i 2010 og i 2011 var middel klasse om lag tre klassar lågare for villsaulam enn for andre lam (sjå tabell 3.1).

Tabell 3.2 viser fordelinga av lammeslakt av villsau på klasse hausten 2010 og pris i to periodar hausten 2011 for enkelte vektgrupper og klassar. Feittrekk er ikkje med. Prisane er utan grunntilskot og distriktstilskot.

**Tabell 3.2 Klassifiseringsresultat 2010 for villsaulam og noteringspris i to periodar hausten 2011 for enkelte vektgrupper og klassar, feittgruppe 2**

Klassifisering 2010, % av lamma	Alle	Tom. veka 48	Klasse		
			R	O	P
Pris 2011			12	64	22
Nortura	13,1–23,0 kg	12.09.–	43,48	41,98	33,98
Nortura	13,1–23,0 kg	10.10.–	41,25	39,75	31,75
Fatland	13,1–16,0 kg	12.09.–	41,48	39,98	31,98
Fatland	13,1–16,0 kg	10.10.–	39,85	38,35	30,35
Fatland	9,1–13,0 kg	12.09.–	37,48	35,98	27,98
Fatland	9,1–13,0 kg	10.10.–	35,85	34,98	27,98

1) Perioden startar på den oppgjevne datoene og varer ei veka eller meir

Kjelde: Animalia (2010), Nortura (2011) og Fatland (2011)

Etter at merkevara «Norsk villsau» var patentert (sjå kapittel 4.3.4), fekk Norsk villsaulag samarbeid med Vestlandske salslag og Fatland. Fatland betalte ei tid kr 19 per kg ekstra for villsaukjøt; seinare var tillegget kr 10 per kg i fleire år (Buer 2011: 32). Dei siste åra har det ikkje vore ekstra betaling for villsaulam. Nortura opplyser at om lag 20 prosent av slaktemengda av villsau vert seld som villsau. Om lag 30 prosent går i retur til produsent som heile og halve skrottar eller som nedskoren vare, og om lag halvparten går inn i produksjonen i lag med anna sau- og lammekjøt. Fatland opplyser at om lag 5 prosent av slaktemengda går i retur til produsentane.

Noko villsaukjøt (lam) går som fersk vare til restaurantar og til konsum i private hushald, og delvis til produksjon av pinnekjøt, spekemat, pølser osb. av villsau. Fatland opplyser at spekemat og pinnekjøt av villsau ikkje har noko omfang hjå dei. Hjå Nortura har det vore eit visst omfang, men det har ikkje vore noko auke i volum.

Ein del forbrukarar er villige til å betale meir for villsaukjøt enn for anna kjøt fordi dei meiner villsaukjøt har spesiell kvalitet, eller fordi villsaudrift har kulturverdi. Sjølv om det er mogeleg å ta høgare pris for enkelte produkt av villsau, har produsentane dei siste åra ikkje fått meirpris. Det er fleire årsaker til dette, mellom anna at (1) berre ein mindre del av slakta av villsaulam vert selde som villsauprodukt, (2) slaktekostnadene er jamt over større per kilogram for små dyr enn for større dyr, og (3) omsetningsledda krev gjerne større margin for spesialprodukt med små kvantum enn for andre produkt.

Ifølgje tilsette i Nortura og Fatland konkurrerer kjøt av villsaulam med «standardprodukt» av sau- og lammekjøt, med økologisk lammekjøt og med spesialprodukt som Kvitsøylam, Klosterlam, Hallingskarvet lam og Lofotlam. Før slaktesesongen av lam hausten 2012 gjennomførte Nortura ein framstøyt for å prøve å marknadsføre fjarårlam av villsau i utvalde Meny- og Ultra-butikkar i Oslo-området og Kristiansand. Meny og Ultra hadde omfattande marknadsføring og annonsering som heilsides annonsar i Aftenposten med opplysande tekst om «produksjonsforma villsau» og produktet. Responsen var bra, og framstøyten vil verte vidareført i eit større omfang i eit avgrensa tidsrom seinsommaren 2013. Fatland har prøvd liknande framstøytar i velas-sorterte delikatessebutikkar i Oslo-området og Stavanger. Volumet som er omsett på denne måten, er så langt svært avgrensa. Aktørane vurderer det som interessant å sjå om det kan vere mogeleg å omsetje eit spesialprodukt med historie. Kjøtet frå fjarårlam som vert omsett som spesialitet i august, kjem frå slakt som gjerne har ei slaktevekt på 13–16 kg, men som hausten i førevegen var for lette til å slaktast (mindre enn 10 kg) og lite kjøtsette.

Det er ein marknad for skinn av villsau og produkt av villsauskinn. Når skinnet skal nyttast, må dyret slaktast med ulla på. Dette er ei hygieneutfordring for slakteria. Nortura hadde eit hygienetrekk på kr 120 per skinn i 2011 (Avdem 2011). På andre sida er det eit tilskot på kr 79,60 per villsauskinn. Ved eit google-søk 9.5.2011 fann vi tilbod om bearbeidde villsauskinn frå kr 750 til kr 1 000.


### 3.3 Teoretisk forklaring på prisutviklinga for villsaukjøt

Kapittel 3.1 viser at produksjonen av villsaukjøt har auka. I kapittel 3.2 er nemnt at pris-tillegget for villsaukjøt selt gjennom Nortura og Fatland har minka dei siste åra og no er heilt borte. Ved hjelp av økonomisk teori kan vi gje ei plausibel forklaring på denne utviklinga. Den følgjande teksten er inspirert av Bailey & Ward (2007), men framstil-linga er ikkje lik.

Ovanfor nemnde vi at villsaukjøt konkurrerer med anna sauekjøt. Likevel går vi ut frå at det er forbrukarar som er villige til å betale meir for villsaukjøt enn for anna kjøt av same klasse og vekt. Kor mykje villsaukjøt dei kjøper, er avhengig i pris: di høgare pris, di mindre vil dei kjøpe, og di lågare pris di meir kjøper dei. Vi forutset òg at villsaukjøt kan gå inn i produksjon i lag med anna sauekjøt slik at prisen på «standard» sauekjøt er ei nedre grense for prisen på villsaukjøt. Etterspørselen er illustrert med kurva EE'E' i figur 3.4. Den horisontale delen av denne kurva er lik prisen på standard sauekjøt ( $p_s$ ). Dersom tilboden av villsaukjøt er lik kurva  $T_0$  i figur 3.4, er det mogeleg å oppnå likevekt mellom tilbod og etterspørsel ved ein pris på  $p_0$ . Aukar tilboden til dømes til  $T_1$ , og etterspørselskurva er uendra, vil likevektsprisen gå ned til  $p_1$ . Pristillegget for villsaukjøt minkar. Skulle tilboden auke enda meir, til dømes til  $T_2$ , vil likevektsprisen for villsaukjøt verte lik prisen for «standard» sauekjøt.

Dette viser også at når tilbodet aukar (skift i tilbodskurva), må etterspørselen også auke for at ein skal kunne oppnå meir pris i marknaden. Grovt sagt må dei som allereie kjøper villsaukjøt, kjøpe meir ved ein bestemt pris, eller det må bli nye forbrukarar av villsaukjøt, eller begge delar. Dette illustrerer også at om ein skal klare å ta ut meir pris, er det viktig å ha kontroll på produsert mengde. Dette kjem vi attende til i kapittel 4.3.

I praksis er neppe prissettinga heilt som i denne teorien, men tendensane er truleg slik vi kan avleie dei av teorien: Aukar tilbodet meir enn etterspørselen, vil det vere tendens til at pris og dermed meir pris går ned. I tillegg verkar det inn at ein stor del av vill-saulam har låg slaktevekt og svak klassifisering slik at oppgjerspris for slakt vert lågare enn for «standard» lammekjøt.



Figur 3.4 Teoretisk samanheng mellom tilbod, etterspørsel og pris på villsauprodukt

### 3.4 Ordningar og tiltak som det offentlege har sett i verk for å ta vare på kystlynghei og gammalnorsk sau

Det offentlege har fleire tiltak som direkte og indirekte har verknad på kystlynghei og utegangardrift. Her har vi delt desse tiltaka i fire grupper:

- Produksjonstilskot forvalta av Statens landbruksforvaltning
- Tilskot gjennom regionale miljøprogram (RMP) og særskilte miljøtiltak i landbruket (SMIL)
- Handlingsplan for kystlynghei m.m.
- Tiltak i marknadsføring.

#### 3.4.1 Produksjonstilskot forvalta av Statens landbruksforvaltning

Fram til 2005 gav ikkje utegåande sauer rett til husdyrtilskot, men ved jordbruksoppgrjeret i 2005 vart det innført eit tilskot for utegåande sau. Ved jordbruksoppgrjeret i 2011 vart tilskotet sett til kr 210 per dyr for inntil 300 dyr (både over og under eitt år)

per 1. januar.<sup>5</sup> Tilskotet gjeld sauер som går ute heile året og stort sett klarer seg sjølve, og er ikkje avgrensa til sauер i kystlynghei. Husdyrtilstskotet til andre sauер vert gjeve for dyr som er over eitt år per 1. januar. Satsen er kr 1105 for dei første 50 dyra, kr 894 for 51–100 dyr, kr 347 for 101–200 dyr og kr 210 for 201–300 dyr. Det er ikkje tilskot for meir enn 300 dyr. Ein kan ikkje få avløysartilstskot for utegåande sau. Spesielt om ein har færre enn hundre sauер over eitt år per 1. januar er tilskota større for «vanlege» sauер (kode 137) enn for utegåande sauер (kode 133).

Dersom utgangardrift er godkjend som økologisk drift, kan ein få tilskot til økologisk sauehald for utegangarsau. For sauер over eit år per 1. januar 2012 var tilskotet kr 285 i sone 1–4 for AK-tilskot og kr 345 i sone 5–7 (Statens landbruksforvaltning 2011b). For å få godkjenning som økologisk drift, må brukarane kunne vise eige lager av eigenprodusert eller innkjøpt økologisk fôr, eller kunne vise fram avtale om levering ved behov.

Utmarksbeitetilstskot vart innført i 1998. Dette tilskotet er kr 125 for dyr (både vaksne og lam) som går på utmarksbeite i minst 5 veker. Beitetilstskot vart innført i 2006. Dette er kr 60 for kvart dyr som er på beite i minst 12 eller 16 veker avhengig av sone for areal- og kulturlandskapstilstskot. Det er mogeleg å få begge tilskota for same dyra. Tilskota til dyr på beite og dyr på utmarksbeite er dei same for utegåande sauер og andre sauер.

Utegåande sauер tel med når ein skal rekne ut kor stort areal ein kan få areal- og kulturlandskapstilstskot for. Både for innmarksbeiteareal og grovfôrareal er det eit maksimalt areal per beitedyr som ein kan få tilskot for (Statens landbruksforvaltning 2010a).<sup>6</sup> Talet på utegåande sauер kan påverke utbetalinga av areal- og kulturlandskapstilstskot utan at dyra beiter på innmark eller innmarksbeite, eller vert føra med fôr hausta på innmark. Vi går likevel ikkje nærmere inn på dette her.

Det er grunntilstskot på kr 3,81 per kg for lam over 13 kg. Inntil jordbruksavtalen for 2011/2012 vart det gjeve grunntilstskot for lam av gamalnorsk rase med slaktevekt på 9–13 kg. Dette unntaket vart då oppheva. Som kompensasjon vart dyretilstskotet auka med kr 30 per dyr per 1.1. (Prop. 126 S (2010–2011) s. 87). Fjerninga av grunntilstskot for lam under 13 kg har gjort det mindre lønsamt å slakte små lam og gjort det meir lønsamt å auke slaktevektene over 13 kg.

For ulne skinn og pelsskinn av villsau (varekode 243712) er det eit tilskot på kr 79,60 per skinn (Statens landbruksforvaltning 2010b). Tilskotet gjeld ikkje berre villsau, men villsau går inn under ordninga.

### 3.4.2 Tiltak gjennom RMP og SMIL

Gjennom regionale miljøprogram (RMP) vert det gjeve tilskot til skjøtsel av kystlynghei. Fire fylke gjev arealstøtte, mens fire andre fylke gjev støtte per dyr som beiter i kystlynghei (Statens landbruksforvaltning 2012b), sjå og Tabell 3.3. Dei fire fylka med arealstøtte, har gjeve støtte til om lag 140 000 dekar kystlynghei, medan dei fire fylka med dyrestøtte, har gjeve støtte til ca. 12 000 dyr årleg. I Sogn og Fjordane har det vore

<sup>5</sup> Omtalen av jordbruksoppgjøret 2011 er basert på Prop. 126 S (2010–2011). Eventuelle endringar ved jordbruksoppgjøret i 2012 er ikkje innarbeidde, men så vidt vi har sett vart reglane ikkje endra.

<sup>6</sup> Innmarksareal er delt i tre grupper (Statens landbruksforvaltning 2010a):

- Fulldyrket jord: Jordbruksareal som er dyrket til vanlig pløyedybde, og som kan brukes til åkerrekster eller eng. Arealet skal kunne fornyses ved pløyning. Det er ikke noe krav om at jorda skal pløytes hvert år. Flerårig eng eller beite på fulldyrket jord føres som fulldyrket eng til slått og beite.
- Overflatedyrket jord: Jordbruksareal som for det meste er ryddet og jevnet i overflaten, slik at maskinell høsting er mulig.
- Innmarksbeite: Jordbruksareal som kan benyttes som beite, men som ikke kan høstes maskinelt. Minst 50 prosent av arealet skal være dekket av grasarter og beitetålende urter.

gjeve støtte til mange fleire dyr i kystlynghei enn det er gjeve støtte til utegåande sauер, jf. Tabell 3.3 med vedlegg 2. Den viktigaste årsaka til dette er truleg at det i Sogn og Fjordane var opna for å gje tilskot til dyr som ikkje var rekna som utegåande sauер.<sup>7</sup> Regelverket vart stramma inn i 2011, og ein ser tydeleg nedgang frå 2010 til 2011. I Sogn og Fjordane var det andre dyr enn utegåande sauер som beiter i kystlynghei, men omfanget av dette og kva det betyr for å ta vare på kystlyngheiane er ikkje undersøkt.

Dei fire fylka med arealstøtte til skjøtsel av kystlynghei betalte ca. 9 mill. kr totalt per år, mens dei fire fylka med dyrestøtte betalte ca. 6 mill. kr per år.

Ni fylke gjev tilskot gjennom RMP til bevaringsverdig storfe og småfe og til tradisjonelle småferasar som gammal norsk sau (villsau) og gammalnorsk spælsau som har så store populasjonar at dei ikkje er definerte som truga husdyrrasar (Statens landbruksforvaltning 2012b: 28).<sup>8</sup>

**Tabell 3.3 Tiltak i kystlynghei gjennom RMP, åra 2009–2011**

Kriterium	Fylke	2009	2010	2011*
Areal (daa)	Aust-Agder	30	30	0
	Vest-Agder	4 740	4 368	5 882
	Rogaland	58 868	66 793	79 130
	Hordaland	68 749	70 946	57 540
	Totalt	132 387	142 137	142 552
Dyr (tal)	Sogn og Fjordane**	6 434	8 550	6 159
	Møre og Romsdal	2 745	1 818	1 619
	Sør-Trøndelag	1 247	1 415	1 833
	Nord-Trøndelag	1 048	1 228	2 091
	Totalt	11 474	13 011	11 702

\* Førebels tal \*\* Omfattar meir enn utegåande sau, sjå teksten i kapittel 3.3.2

Kjelde: Statens landbruksforvaltning (2012b: 25-26)

Kommunane forvaltar ordninga «Spesielle miljøtiltak i landbruket» (SMIL). Midlane kjem frå jordbruksavtalen. SLF fordeler midlane på fylke, og Fylkesmannen fordeler midlane vidare til kommunane. Kommunane skal ha utarbeidd tiltaksstrategiar som omfattar mellom anna SMIL, og ei evaluering frå 2009 viste at 95 prosent av kommunane hadde slike strategiar (Statens landbruksforvaltning 2009a: 34). SMIL-ordninga er omfattande og mange tiltak kan få tilskot. Evaluering frå 2009 viste også at ein liten del av midlane gjekk til skjøtsel av kystlynghei (Statens landbruksforvaltning 2009a).

### 3.4.3 Handlingsplan for kystlynghei m.m.

Trass i at både landbruks- og miljøvernstyresmaktene gjev tilskot til forvaltning av kystlynghei, meiner styresmaktene at innsatsen har vore for svak til å ta vare på så mykje av denne naturtypen som ønskeleg (Direktoratet for naturforvaltning 2012a). Kystlynghei er vurdert som sterkt trua i nasjonal raudliste for naturtypar (Lindgaard og Henriksen 2011). Naturmangfaldloven frå 2009 (LOV-2009-06-19-100) har skjerpa krava til å ta

<sup>7</sup> Opplyst i e-post frå Helen Haaland, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, via Kaja Killingland, SLF, 16. august 2012.

<sup>8</sup> Lenke til dei regionale miljøprogramma finn ein hos Statens landbruksforvaltning (<https://www.slf.dep.no/no/miljo-og-okologisk/jordbruk-og-miljo/nasjonalt-miljoprogram/undersider/Regionale+milj%C3%B8program+i+fylkene.7494.cms>)

vare på utsette og verdfulle landskap. Direktoratet for naturforvaltning (2012a) har difor utarbeidd utkast til handlingsplan for kystlynghei. Ifølgje det faglege grunnlaget for planen er det sterk nedgang i forekomst av kystlynghei, i hovudsak på grunn av redusert bruk. I dei gjenverande areala med kystlynghei er gjengroing hovudtrusselen. Gjennom fleire kartleggingsprosjekt dei siste tiåra er kystlyngheiane kartlagde. I Naturbase er det ca. 530 svært viktige (A) og viktige (B) lokalitetar med kystlynghei. Seks kystlyngheimråde er med blant dei 22 «Utdelte kulturlandskap i jordbruket» i Noreg, og desse vert gjeve særskilt forvaltning gjennom ei eiga økonomisk støtteordning (Direktoratet for naturforvaltning 2012a: 6). Kystlynghei finst og i verneområde og i eitt av verdsarvområda (Vegaøyane) der skjøtselsinnsatsen har auka dei seinare åra (Direktoratet for naturforvaltning 2012: 4).

Når Direktoratet for naturforvaltning (2012a: 6) likevel meiner det er behov for ein handlingsplan for denne naturtypen, er det fordi typen har vore og framleis er i sterk tilbakegang. Mange lyncheiar er i dårleg hevd og vert fragmenterte trass i sterke fokus på naturtypen. Trusselkategorane er store, og dei økonomiske verkemidla er ikkje tilstrekkelege og godt nok samordna, ifølgje utkastet til handlingsplan (Direktoratet for naturforvaltning 2012a: 4). Det er foreslått 23 referanseområde for kystlynghei frå Hvaler i Østfold til Lofoten (Direktoratet for naturforvaltning 2012a). Direktoratet for naturforvaltning har foreslått å gje naturtypen kystlynghei status som utvald naturtype. Forslag om dette hadde høyringsfrist 1. november 2012 (Direktoratet for naturforvaltning 2012b). I høyringsbrevet er det mellom anna nemnt at Noreg er det einaste landet der det framleis er autentisk drift av kystlynghei. Det er òg nemnt at for å halde oppe naturtypens funksjon, struktur og produktivitet er det naudsynt å ha aktiv drift etter tradisjonelle prinsipp.

### 3.4.4 Tiltak i marknadsføring

Mattilsynet fastsette 4. november 2010 forskrift om vern av Villsau frå Norskekysten som geografisk nemning (Lovdata, <http://www.lovdata.no/for/sf/l/xd-20101104-1402.html>). Dette er nærmere omtala i kapittel 4.3.4.

## 3.5 Økonomien i villsauhaldet

I dette kapitlet presenterer vi økonomiske forhold som gjeld utegangardrift i kystlynghei. Vi ser både på privatøkonomiske/bedriftsøkonomiske forhold og på samfunnsøkonomiske forhold. Basert på opplysningar frå Driftsgranskinger i jord- og skogbruk, Statens landbruksforvaltning og intervju med bønder set vi opp eit budsjett over inntekter og kostnader for drift med utegangarsau. Dei bedriftsøkonomiske forholda vil kunne gjelde uansett om utegangarsauen er i kystlynghei eller ikkje, mens den samfunnsøkonomiske utgreiinga gjeld villsauhald i kystlynghei.

Produkta frå villsauhald er kjøt, skinn/ull og livdyr.<sup>9</sup> Lyncheiane kan og vere grunnlag for honningproduksjon, men det er ikkje inkludert her.

Utegangardrift i kystlynghei kan og ha eksterne verknader. Mellom anna kan turisme- og opplevingsbedrifter nytte landskapsverdiane til å trekke til seg kundar. Kystlyngheilandskap med «villsau» på beite kan lokke turistar og skape aktivitet i reiselivsbedrifter. Dette vil i så fall vere ei inntekt generert av landskapet som ikkje nødvendigvis kjem grunneigarane til gode. Det er ein ekstern effekt av utegangardrift og kystlynghei. Nokre grunneigarar nyttar sjølve reiselivspotensialet på eigedomen ved å tilby overnatting, turar og anna.

<sup>9</sup> Ulla eignar seg til spesielle produkt, men ein kan likevel ikkje rekne særleg inntekt frå ull.

Kystlyngheiane har òg verdi gjennom å vere ein naturtype med særeigne artar og artsmangfald. I tillegg er det kulturhistoriske og vitskaplege verdiar knytte til kystlynghei. Kystlyngheiane vitnar om korleis folk levde av og i naturen tidlegare og mange «set pris» på det opne landskapet i llynghieane. Noreg er gjennom internasjonale avtalar forplikta til å ta vare på kystlynghei. Utegangardrift kan bidra til å ta vare på kystlyngheiane. Desse verdiane har trekk av å vere kollektive gode.<sup>10</sup> Kystlyngheiane er utmark, og «alle» har rett til å ferdast der i samsvar med allemannsretten. Den glede allmennheita har av kystlyngheiane er ein del av den samfunnsøkonomiske nytten av kystlyngheiane.

Dersom grunneigarane ikkje får betalt for dei kollektive goda som llynghieane representerer, kan ein ikkje vente at dei tek omsyn til dei kollektive goda når dei bestemmer bruken av desse areala. «Produksjonen» av kystlynghei kan då bli mindre enn det som er samfunnsøkonomisk lønsamt.<sup>11</sup> Dei tilskotsordningane til villsau og kystlynghei som er omtala i kapittel 3.3, kan ein oppfatte som samfunnet si betaling for kollektive gode som utegåande sau og kystlyngheiar representerer.

Tabell 3.4 viser ei utrekning av dekningsbidrag (inkl. pristilskot, men utan andre tilskot) per mordyr av utegåande sau. Kalkylen er meint å gjelde for sal gjennom vanlege marknadskanalar, ikkje direkte sal. Utrekning av gjennomsnittleg slaktevekt og pris er vist i vedlegg 2. Føresetnadene er tilpassa tilhøva slik dei var i oktober 2011, og grunntilskotet er rekna etter jordbruksavtalen 2011/2012. I kalkylen er prisen knapt kr 36 per kg på lammeslakt av villsau, og gjennomsnittsprisen for sau- og lammekjøt er kr 31,28 i kalkylen. Ifølgje foreløpig rekneskap for jordbruket var gjennomsnittsprisen for alt sau- og lammekjøt på kr 38,82 i 2011 (Budsjettet for jordbruket 2012: 45). Det er døme på at produsentar oppnår monaleg høgare pris for slakt av villsau enn det som er nytt i kalkylen. Schanche (2012: 11–12) opplyser at medlemar av Nesseby villsaulag i 2010 fekk utbetalt kr 45 per kg. Utsalsprisen var då kr 90–110 per kg for heile skrottar og kr 110–130 per kg for parterte skrottar. Det er sannsynleg at desse produsentane har større kostnader til vinterfør enn det som ligg i kalkylen.

Kalkylen i tabell 3.4 er basert på at det er eitt lam per søye, at 15 prosent av lamma vert påsette til livdyr, og at livlamma har same gjennomsnittsvekt som alle lamma. Det er mogeleg at i praksis vil livdyra bli valde mellom dei største lamma. I så fall er det rekna for stor vekt på slakta lam, alt anna likt. Å rekne eitt lam per vakse dyr, kan synast litt høgt i høve til dyretala per 1.1. og 31.7, men eit lam per søye er rimeleg og i tråd med det som er fortalt i intervju.<sup>12</sup> Distrikstilskot er rekna etter satsen for kystkommune i Hordaland (sone 3). Kalkylen reknar ikkje med inntekt frå skinn.

Posten «tilskotsfør» vil i mange år vere tilnærma null, men kan i andre år, som vinteren 2010, vere større enn rekna med i tabell 3.4. Produktforskrifta for Villsau frå Norskkekysten seier at tilskotsfør ikkje kan utgjere meir enn 20 prosent av årsføret, sjå kapittel 4.3.5. Med førprisar på rundt kr 2–3 per f.e. som ikkje er ein uvanleg pris på grovfør, er kostnaden for tilleggsfør i kalkylen langt under maksimumskravet.

<sup>10</sup> Reine kollektive gode (public goods) er karakterisert med å vere: 1. Ikkje rivaliserende – den enkeltes nytte frå konsum av godet påverkar ikkje andres nytte av godet; 2. ikkje ekskluderande – ikkje mogeleg å ekskludere nokon frå å konsumere godet. Prissystemet fungerer ikkje, og konsumentane har ikkje incentiv til å betale. Om det er kostnader ved vedlikehald av gode, kan ein få problem med at ingen vil ta desse kostnadene – «gratisplassasjer»

<sup>11</sup> I økonomisk teori er slike tilfelle omtala som marknadsfeil. Det er mykje litteratur om marknadsfeil. Ein rapport som kan vere spesielt relevant i samband med betaling for kollektive gode i kystlynghei, er Lobley et al. (2005) som evaluerer «management agreements» i Exmoor National Park i England.

<sup>12</sup> Ein bonde som vart intervju i prosjektet stod føre ei utviding av drifta i kystlynghei. Han kalkulerte med 1,2 lam per sau og slaktevekt på 12 kg per lam.

Som nemnt vert det gjeve produksjonstilskot på visse vilkår, mellom anna at foretaket har ein avgiftspliktig (meirverdiavgift) omsetnad på over kr 20 000 per år. Dersom villsaudrifta er organisert som eige foretak, må foretaket ha rundt 35–40 mordyr med dei føresetnadene som er nytta, for å ha så stor omsetning. Dersom villsauhaldet er kombinert med annan jordbruksproduksjon og omsetning, er det den totale omsetnaden som tel. For alle foretak er det eit botnfrådrag på kr 3 000 i produksjonstilskotet.

**Tabell 3.4 Eksempel på utrekning av dekningsbidrag per mordyr, inkl. grunntilskot og distriktstilskot, Ekskl. kjøp og sal av livdyr. 2011**

	Mengde kg	Pris kr/kg	Sum kr	Sum kr
<b>Inntekter</b>				
Sal av lammekjøt	9,5	35,93	340	
Sal av sauekjøt	2,7	15	41	
Ull	2	10	20	401
Grunntilskot, lam	1,3	3,81	5	
Grunntilskot, sau	2,3	2,8	7	
Distriktstilskot (sone 3)	12,2	7,05	86	97
<b>Sum inntekter</b>				498
<b>Variable kostnader</b>				
Medisin/snyltarmiddel			40	
Saltslikkestein			10	
Tilskottsfôr	50	2	100	
Andre kostnader			50	200
<b>Dekningsbidrag inkl. pristilskot</b>				298

Tabell 3.5 viser eit eksempel på utrekning av produksjonstilskot for «konvensjonell» utegangardrift. Utrekninga gjeld for buskapar med inntil 300 dyr per 1. januar. Det er ikkje husdyrtilskot for meir enn 300 utegangarsauer per bedrift. Det er rekna at mordyra i gjennomsnitt har eitt lam. Lammetalet har betydning for beitetilskot. Tilskotssatsane er slik dei var i jordbruksavtalen for 2011/2012.

Slakteverdi (medrekna grunn- og distriktstilskot) og ull utgjer med desse føresetnadene knapt halvparten av produksjonsinntektene, mens produksjonstilskot elles utgjer vel halvparten. Posten «Andre tilskot, RMP» vil variere mellom fylke og er her sett svært skjønsmessig til kr 100 per vinterfôra dyr.

**Tabell 3.5 Eksempel på utrekning av produksjonstilskot til villsaudrift. Tilskot per vinterfôra dyr, inntil 300 dyr. 2011**

Produksjonstilskot <sup>1)</sup>	stk	kr/stk	kr
Utegåande sau	1	210	210
Beitetilskot	2	125	250
Dyr på utmarksbeite	2	60	120
Andre tilskot, RMP			100
<b>Sum produksjonstilskot</b>			680

1) Tilskot til utegåande sauar er utrekna på grunnlag av dyretal 1.1., mens beitetilskota er utrekna på grunnlag av dyretal 31.07.

Dersom det er om lag 30 000 mordyr av gammalnorsk sau i kystlyngheiane, vil dette seie at det er produksjonsinntekter (medrekna distriktsstilskot og grunntilstskot) på ca. 15 mill. kr. Dekningsbidraget (ekskl. produksjonstilstskot) er knapt 9 mill. kr. Produksjonstilstskota kan vere om lag 20 mill. kr før eventuelt botnfrådrag.

Tilstkottet til økologisk sauehald er likt anten ein har utegangarsauer eller «vanlege» sau. For økologisk haldne sau over 1 år per 1. januar 2012 fekk ein kr 285 (sone 1-4) eller kr 345 (sone 5-7) (SLF 2012c). Dette kjem eventuelt i tillegg til tala i tabell 3.5. Kostnad til eventuelt tilleggsfør vil auke med i underkant av kr 2 per f.e. ifølgje Landbruksrådgjevinga i Hordaland.<sup>13</sup> Det vil seie under kr 100 i ekstra utgifter.

Aanesland & Wold (1981: 71) rekna med inntekt berre frå slakt (10 kg à kr 15) og tilskot (kr 50 per sau). Litt kunstgjødsel (kr 0,15 per dekar) var den einaste variable kostnaden. Kvamme et al. (2004: 57) rekna med inntekter på kr 1150-1200 per hektar og eit mordyr per hektar. Dette stemmer relativt godt med våre tal som gjev kr 1 178 per mordyr (kr 498 + kr 680) med konvensjonell drift.

Dekningsbidraget pluss tilskota er knapt kr 1 000 per mordyr med dei føresetnadene som er nytta i tabell 3.4 og 3.5. Dette skal gje betaling til alle andre kostnader enn dei som er med i tabell 3.4, medrekna arbeidsbetaling og kapitalavkasting. Fordi villsauen stort sett klarer seg sjølv, er det ingen eller små kostnader til hus og maskinar for førdyrking. Ein del stader treng ein gjerde for å halde dyra innafør det aktuelle beiteområdet eller ute frå andre område. Gjerding kan òg vere ønskeleg for å styre beitepresset. I nokre tilfelle kan ein måtte ha gjerde for å skilje hann- og hodyr for å få lamming til ønskt tid. Arealet har truleg låg alternativverdi i mange tilfelle, men enkelte stader kan det vere aktuelt med anna bruk av arealet. Fordi arealkravet er stort per dyr, kan sjølv ein relativt låg alternativverdi per dekar utgjere eit ikkje uvesentleg rentekrav per dyr.

I kalkylane er det ikkje teke med inntekter frå skinn eller mogleg meirverdi gjennom direkte sal. Kapitel 4 omhandlar tiltak for å auke verdiskapinga, sjå mellom anna kapittel 4.2 for korleis preparering og sal av skinn kan verke inn på driftsøkonomien.

Eit driftssystem med utegåande sau er krev arbeid med tilsyn, samling av dyra for merking og klipping om våren og uttag av slaktedyr om hausten. I enkelte vintrar kan det vere naudsynt å føre dyra. Det vil også vere arbeid med beitestell (lyngsviing m.m.). Lyngen bør brennast med visse mellomrom for å hindre at busker og tre etablerer seg i lyngheiane og for å få fornying av lyngplantane (Kvamme, Kaland & Norderhaug 2009:77; Velle 2012). Det er ein fordel at beita er ein mosaikk med lyng i ulik alder, og på Vestlandet var det vanleg å brenne 5–10 prosent av arealet kvart år (Kvamme, Kaland & Norderhaug 2009:78). Dette vil seie å fornye lyngheiareala med eit mellomrom på 10–20 år. Lenger nordover var det ikkje behov for å brenne så ofte. Thorvaldsen (2011) forslår lyngsviing kvart 25 år på fleire lokalitetar på Tarva.

Arbeidsforbruket i eit system med utegåande sau vil variere med mange faktorar. Aanesland & Wold (1981) rekna at arbeidsforbruket for ein flokk på rundt 220 mordyr utgjorde 20–30 dagsverk totalt eller 0,1 dagsverk à 8 timer per mordyr. Dette vert om lag 1 time per mordyr og år. Overslaget er basert på villsaudrift på Tarva. Kvamme et al. (2004) reknar med 1 452 timer per år for ca. 120 mordyr på ca. 1 200 dekar ved Lyngheisenteret. Det er då rekna 480 timer til rydding av bregne. Dette vil seie om lag 12 timer per mordyr når bregnerydding er med og 8 timer når bregnerydding ikkje er med. Enkelte personar som driv med villsau, har opplyst at dei reknar med å bruke ca. 2,5 timer per sau per år i ein relativt stor flokk. Villsauhald krev regelmessig tilsyn, etter forskrifta skal det vere tilsyn minst ein gong for veka. Det er noko usikkert om alle har lagt eit slikt omfang av tilsyn inn i oversлага for medgått arbeidsomfang, spesielt ikkje i dei eldre kjeldene.

<sup>13</sup> Landbruksrådgivinga i Hordaland opplyser at prisane på grovför ligg under prisane for kraftfôr som ein kan rekne med er høvesvis kr 3,5 og kr 5,5 per f.e.

Sauehald oppnådde ei lønsevne på ca. kr 75 per time både i 2009 og 2010 ifølgje driftsgranskingane i jordbruket (NILF 2011, tabell 2.32). Med eit dekningsbidrag på nesten kr 1 000, inkludert tilskot og faste kostnader, og rentekrav på rundt kr 100-200 (skjønnsmessig fastsett), kan arbeidsinnsatsen vere ca. 10–11 timer per mordyr av utegåande sau for å oppnå same lønnsevne som sauebruka i driftsgranskingane. Drøftinga ovanfor tyder på at arbeidsinnsatsen er mindre enn 10–11 timer slik at lønnsevne per time er større enn i «vanleg» sauahald.

Drøftinga ovanfor viser at arbeidsforbruket og lønsemda vil kunne variere sterkt med lokale forhold og organisering av drifta. Under gunstige tilhøve kan villsaudrift gje timebetaling (minst) på høgde med anna sauahald. Det er få timer, men bra inntekt per time. Den raske veksten i talet på utegåande sauer og i slakt av villsau, tyder på at det er relativt mange har funne det lønsamt å satse. Ein del faktorar tyder likevel på at lønsemda har vorte svakare dei siste åra. Utviklinga i talet på utegåande sauer dei aller siste åra, kan tyde på at veksten har stoppa opp. Dette er i så fall i tråd med svakare lønsemrd. For ein del produsentar kan det vere andre grunnar enn lønnsemrd som gjer at dei satsar på villsauhald (m.a. skjøtsel av areal, både innmark og utmark).



# 4 Tiltak for å auke verdiskapinga frå utegangarsau og lynghei

---

Eit hovudspørsmål i dette prosjektet er korleis ein kan få til næringsutvikling som kan bidra til å styrke villsauhaldet og ta vare på kystlyngheiane. Som nemnt i kapittel 3.2 er det minst tre typar av gode frå villsaudrift i kystlynghei. Den eine typen er kjøt, ull og skinn (og eventuelt andre produkt) som ein kan omsetje i «vanlege» marknader. Auka næringsutvikling frå desse produkta kan ein få ved å ha fleire dyr eller auke verdiskapinga per dyr. For det andre har kystlyngheilandskapet verdi gjennom dei opplevingane som besökande har ved å vere i landskapet. For det tredje kan det vere vitskaplege og kulturelle verdiar knytt til landskapet. Dei to siste goda er fellesgode som vanskeleg kan omsetjast i ein marknad. Likevel kan til dømes reiselivsbedrifter nytte kystlyngheiane i marknadsføring overfor turistar. Tilgang til eit fellesgode (kystlynghei) vert då brukt i marknadsføring av private gode som opplevings-, overnatnings- og andre serveringstilbod nær lyngheimråda.

Utviklinga i talet på utegåande sauar tyder på at mange har funne det interessant å satse på denne drifta. Utegangardrift kan vere oppfatta som enkel og å ha tilstrekkeleg lønsemrd. I avsnitta framfor har vi likevel nemnt fleire trekk som tyder på at lønsemda har vorte svakare dei siste åra. Det kan difor vere aktuelt med tiltak på ymse plan for å auke verdiskapinga i villsaudrifta. Vi skal kort drøfte nokre av desse.

## 4.1 Tiltak i drifta

Små lam oppnår jamt over därlegare klassifisering og lågare pris per kg enn større lam, sjå tabell 3.2. For å auke inntektene er det difor aktuelt med tiltak for å auke tilveksten og å slakte færre små lam. Vektauke utan prisendring fører til at verdien av eit lam aukar med vektaukens gange med kiloprisen. Vektauke kombinert med betre pris gjev større effekt. Dersom ein kan auke slaktevekta på eit lam frå 9 til 10 kg, men prisen er uendra vil verdiauknen vere lik prisen per kg. Dersom prisen går opp med kr 5 per kg, vil verdien av lammet auke med den opphavlege prisen pluss kr 50. Det er såleis langt meir å hente ved å auke slaktevekta når også prisen går opp enn når prisen er uendra.<sup>14</sup> Fjerning av grunntilskot for villsaulam under 13 kg har gjort det enda meir aktuelt å få fleire lam med slaktevekt over 13 kg.

Kva ein kan gjere for å auke slaktevektene, og kva effekten er av dei enkelte tiltaka, vil vere avhengig av årsakene til låge vekter. Kittelsen (2008) samanlikna beitekvalitet og lammevekter på 13 lokalitetar og fann at tilvekst og slaktevekt auka med kor stor del gras utgjorde av beitet (prosent gras i beitet). Innslaget av gras kan påverkast av lyngsviing, gjødsling og kalking, andre skjøtsetttiltak og gjennom beitepress (Velle 2012; Sandvik 2009). Gjødsling og kalking vil ha negativ verknad på røsslyngen, og såleis vere det motsette av å ta vare på kystlynghei. Lyngsviing har positiv effekt på innhaldet av gras og urter og foryngjer røsslyngen. I staden for å gjødsle kystlynghei, kan ein eventuelt la sauene beite på kulturmark. Ved bruk av innmarksareal som beite må ein leggje vekt på agronomi, god beitebruk og naudsynleg snyltarbehandling.

<sup>14</sup> På tilsvarende måte er det stort tap ved større vekt dersom vektauknen fører til at prisen går ned. Vi reknar med at dette sjeldan eller aldri er tilfelle for villsaulam.

Søyelam kan vere kjønnsmodne første hausten. Dyr som er drektige første vinteren, vert sette tilbake i utvikling i høve til andre dyr, og lam av lam (lammelam) vert gjerne små dersom ikkje beita er svært gode (Buer 2011: 157). Å vente med paring til dyra er halvtanna år, kan difor vere eit tiltak for å få færre små lam. For å hindre lammeparing, vil det normalt vere naudsynt å ha søyelamma på eigne beite i brunstperioden.

Under norske tilhøve er det vanleg å slakte lamma når dei er om lag eit halvt år. Viktigaste unntaket er dei minste lamma som vil oppnå därleg pris om dei vert slakta då. På lyngheibeite vil tilveksten vere liten på seinhausten og om vinteren. Seinast frå 15. april vil slakt av fjarlam bli klassifiserte som ung sau eller vêr. Prisen på vêrar er svært låg (sjå Nortura 2011). Beitetilskot og dyretilskot er neppe nok til å kompensere for prisnedgang, forkostnader og andre kostnader. Det er difor økonomisk uaktuelt å ha vêrlam ein ekstra beitesommar. Skal ein føre små vêrlam utover vanleg slaktetid, må det vere på gode haustbeite og eventuelt tilleggsfôring slik at lamma får betre slaktevekt og -kvalitet før ein risikerer at dei vert klassifiserte som vêrar.

Prisen er lågare for ung sau (gimmer) enn for lam i same klasse, men vektauke og betre klassifisering kan føre til auka pris. Dette er illustrert med eit eksempel:<sup>15</sup>

Lam mindre enn 9 kg klasse P pris kr 16,60:	verdi	kr 140
Ung sau 13 kg klasse R pris kr 21,00:	verdi	kr 273
	Verditilvekst	kr 133

Dersom ein kan slakte på seinsommar eller tidleg haust, kan ein få høgare pris (inntil kr 1 per kg ved slakting i august). I tillegg til slakteverdi kan ein få dyretilskot per 1.1. (kr 181) og beitetilskot (kr 125 + kr 60). Dersom slakta er i klasse O- eller betre, er det eit lamme-slaktttilskot (kr 63 per slakt i klasse O- og kr 179 per slakt i klasse O og betre). Desse tillegga vert ikkje gjeve for ung sau og vêr.

Å la små lam få ein ekstra beitesommar er etter dette mest aktuelt for søyelam som risikerer å kome i klasse P dersom dei vert slakta første hausten, og har potensial for vekst neste sommar. Representantar for Fatland har i samtaler uttrykt at dei helst vil ha dyr med ei slaktevekt på minst 13 kg, og at dei gjerne ser at produsentane leverer fjarlam for å få så stor vekt. Nortura hadde i august 2012 forsøk i marknaden med fjarlam, sjå kapittel 3.2.

Mangel på mikronæringsstoff, mellom anna kobolt, kan vere årsak til därleg tilvekst og låge vekter. Velle et al. (2005) viser at lam som hadde fått tilført koboltkuler var større enn lam som ikkje hadde fått koboltkuler på ein av dei to undersøkte lokalitetane. Skilnaden i slaktevekt på den ein lokaliteten var 1,7 kg i 2003 og 2,0 kg i 2004. Prisen på koboltkuler er rundt kr 8 per stk. ekskl. mva (ca. kr 1 000 inkl. mva for 100 kuler) (<http://www.eikenvet.no/sau.html>). Dersom kulene vert lagde inn når ein samlar dyra for å klippe vaksne dyr og merke lam, er det lite meir arbeid ved å leggje inn kulene. Der det er koboltmangel, vil det vere lønsamt å leggje inn koboltkuler når det er så stor vektauke som nemnt ovanfor. Saltslikkestein er eit alternativ til koboltkuler.

Søyar har aukande førbehov dei siste vekene før lamming, og førbehovet er relativt stort etter lamming. Perioden før planteveksten kjem i gang for alvor om våren, kan vere ein kritisk periode for søyene. Det er difor viktig å tilpasse lammetida til vekstsesongen med ein rimeleg margin for sein start på vekstsesongen. Dette kan ein oppnå ved å skilje fra vêrlamma om hausten og vente med å sleppe til vêrane til ein er rimeleg sikker på at lamminga ikkje tek til før planteveksten er godt i gang.

Tap av dyr reduserer lønsemada i sauehaldet. Verdien av å redusere tapa med eitt dyr vil vere lik slakteverdi ved normal slaktetid (eller sal som livdyr) minus eventuelle

<sup>15</sup>Det er forutsett at omsetningsavgift og andre avgifter er trekte frå. Distriktstilskot er ikkje medrekna.

kostnader som ein ville hatt frå dyret daudar til det skulle vore selt som slakt eller livdyr. Med utegangarsau vil desse kostnadene vere små. Så vidt vi veit, er tapa i villsauhaldet små, men ein del stader er det tap til rev og ørn, og einskilde stader til ramn og kråke som går til åtak på små lam. I kystlynghei er det få av dei store rovdyra (bjørn, ulv, gaupe og jerv).

Romeplanten veks i ein del kystlyngheiar, og sjølv om i alle fall mange vaksne søyer et romeplanten (Norderhaug & Thorvaldsen 2011), verkar det som om alveld er eit lite problem dei fleste stader. Med tilleggsföring under vanskelege vintertilhøve bør tapa vere små også om vinteren.

## 4.2 Tiltak i utnyttinga av slakt og andre produkt

Som nemnt reknar Nortura med at om lag 30 prosent av villsauslakta går i retur til produsentane for eige forbruk, direkte sal eller foredling av kjøt. Direktesal vil kunne gje høgare pris enn sal gjennom andre kanalar, men fører til kostnader som ein ikkje har ved sal gjennom andre kanalar. Det er difor ei avveging mellom auka inntekter og auka kostnader.

Ved å foredle villsauprodukta, til dømes å lage pinnekjøt, fenalar og spekepølser, kan ein auke verdien utover det ein kan få ved direktesal av heile og halve skrottar eller stykkingsdelar. Foredling kan forlenge salssesongen. Ved eigen foredling får produsenten hand om ein større del av verdiskapinga. Det kan ligge ei betydeleg verdiskaping i foredling. På den andre sida krev foredling investering i produksjonsutstyr. Nokre gardsbruk har allereie noko produksjonsutstyr på plass frå tidlegare med grovkjøken, tørkeloft, røykebu/eldhus og stabbur. Alt utstyr må godkjennast av Mattilsynet. Investeringar i foredlingsanlegg kan føre til så store faste kostnader at ein må ha eit betydeleg produksjonsomfang for å forsvare investeringa økonomisk.

Samfunnets totale verdiskaping vert ikkje nødvendigvis større når produsentane står for foredling og sal sjølve enn når foredlinga skjer i andre kjøtbedrifter. Det er meir eit spørsmål om kvar verdiskapinga skjer og kven som står for verdiskapinga. Likevel er det døme på at nisjeprodusentar lukkast med å skape foredla produkt som skil seg frå standardprodukt både i foredlingsmetode og korleis dei vert mottekne i marknaden. Dersom ein til eksempel kan selje ein «pakke» av villsauprodukt og kulturhistorie, vil det kunne gje betre appell hos forbrukarane enn standardprodukt. Ein kan då oppnå høgare pris og ekstra verdiskaping. Nisjeprodukta kan vere betre tilpassa forbrukarønske, og såleis oppnår ein auka verdiskaping og total samfunnsnytte. Kunnskap om marknaden og marknadsföring vil vere ein fordel, men nokre produsentar hevdar at dei har lukkast utan å ha «peiling» på marknadsföring (Spissøy 2006). Men ein må vere oppteken av å produsere varer som forbrukaren ønsker.

Villsauen gjev ull og skinn i tillegg til kjøt og kjøtprodukt. Det er ein marknad for ullne skinn, og det er eit tilskot på ca. kr 80 per skinn for ullne skinn. Salsprisen på skinn ligg mellom kr 900 og kr 1 250 og er til sals både direkte frå villsaubønder og på ulike utsalsstader som Husfliden, suvenirbutikkar, Lyngheisenteret, Bondens marknad og på internett. Potensialet er ikkje undersøkt i stor utstrekning, men både Ølen Garveri og Lyngheisenteret rapporterer om godt sal av skinn frå villsau.

Ull av villsau har mange bruksområde (Buer 2011, kapittel 10). Ulla har lange fibrar og er stri og eignar seg därleg til produksjon av mjuke klede, men eignar seg mellom anna til tova produkt og til råsegler til historiske fartøy. I dag vert ikkje all ulla frå villsau nytta. Interesserte kan kjøpe ull frå villsauprodusentar til ein billeg penge. Nokre tilbyr endatil ull gratis, sjå til dømes [www.villaugarden.no](http://www.villaugarden.no). Når det vert fleire dyr av denne rasen, vil det bli meir ull og fleire skinn tilgjengeleg. Det kan føre til betre koordinering

og marknadsføring og dermed auka etterspørsel, men og til skjerpa konkurranse mellom tilbydarane og mogeleg prispress.

## 4.3 Produktdifferensiering og bruk av beskytta geografisk nemning

### 4.3.1 Økonomiske argument for differensiering og bruk av beskytta nemning

Primærjordbruksmarkedet er prega av at det er mange og små produsentar som produserer varer som ofte er oppfatta som homogene. Det vil seie at produkt frå ein produsent ikkje, eller i liten grad, skil seg frå tilsvarende produkt frå ein annan produsent. At jordbruksvarer er oppfatta som homogene varer, er ei av årsakene til at ein har kunna rasjonalisere omsetnaden av jordbruksvarer. Standardisering har vore ein del av denne utviklinga.

Samtidig er det mange som prøver å skape produkt som skil seg frå andre varer i same produktgruppe. Ein kan seie at dei driv produktdifferensiering og utviklar merkevarer.

Det er til vanleg enkeltbedrifter eller konsern som står bak varemerke og merkevarer. Dei enkelte bøndene har i liten grad prøvd å differensiere sine varer i Noreg. Ifølgje Hayes, Lence og Stoppa (2003: 3) er det tre hovudårsaker til at bønder finn det vanskeleg å differensiere sine produkt:

- I eit system med standardiserte produkt vil bøndene ikkje få prissignal fordi varene frå fleire produsentar vert blanda i den vidare prosessen
- Jamvel når kundane gjev prissignal om å produsere produkt med høg kvalitet, kan konkurransen frå andre raskt eliminere lønsemada i å produsere slike produkt.
- Mange produsentar har for liten produksjon til å bere kostnaden ved å etablere og oppretthalde eit merke som konsumentane kan kjenne att og som ikkje andre lett kan imitere.

Alle desse årsakene til at det er vanskeleg å differensiere gjer seg gjeldande i Noreg. Dagens system baserer seg i stor grad på at den enkelte produsent leverer til Nortura eller eit anna slakteri. Desse foredlar produkta og sel varene under eigne varemerke. Dei store daglegvarekjedene har også eigne varemerke. Differensieringa skjer i foredling og omsetjing, ikkje i primærproduksjonen. Det kjem ikkje signal frå forbrukaren til den enkelte produsent om hans/hennar produktet fell i smak eller ikkje. Kundane sine signal er det samvirkelaget/slakteriet som får gjennom salssstatistikk, prissensitivitet og marknadsundersøkingar. Slakteria sender signala vidare mellom anna gjennom klassifisering og prisdifferensiering

I foredlingsprosessen vert varer frå mange produsentar blanda. Produkt frå ein produsent er oppfatta som likeverdig med produkt frå ein annan produsent. For å rasjonalisere foredling og omsetjing har foredlingsbedrifter gjerne hatt som strategi å standardisere produkta. Geografiske og andre særpreg er viska ut gjennom standardisering, men fordi det er mange foredlingsbedrifter vil det likevel bli mange varer å velje mellom.

Punkta ovanfor indikerer at eit system som skal gje differensierte produkt, må tilfredsstille minst følgjande tre punkt (Hayes et al. 2003: 3):

- Sende prissignal frå konsument til produsent
- Oppnå eit omfang på produksjonen som er stort nok til forsøre kostnaden ved å etablere og oppretthalde det differensierte «imaget» hos forbrukarane
- Hindre at andre imiterer produktet.

Det første kravet er altså at marknadsmekanismen med informasjonsutveksling mellom forbrukar og produsent fungerer. Det andre punktet seier at det må vere samsvar mellom produksjonsomfang og faste kostnader. Punkt tre seier at det må vere mogeleg å hindre andre i å «kopiere» produktet, anten gjennom patentering eller andre måtar, til dømes beskytta nemning.

Fordi konsumentar er villige til å betale ekstra for enkelte kvalitetar, kan det oppstå nisjemarknader som til dømes Bondens marknad og andre marknader for økologiske varer og lokalmat (Hayes et al. 2003). For økologisk produksjon skjer differensieringa i primærproduksjonen, ikkje i foredlingsleddet. Det er ei offentleg godkjenningsordning - Debio, men elles ingen restriksjonar på kven som kan drive denne produksjonen. Dei økologiske produsentane har ikkje kontroll med totalt kvantum. For at eit produsenteig merke skal vere ein suksess, er det naudsynt å ha kontroll med kor mykje som vert produsert. Skal bøndene behalde heile eller mesteparten av overskotet frå det differensierte produktet, må dei eige retten til det differensierte produktet (Hayes et al. 2003).

Sjølv om det gjennom dei mest brukte marknadskanalane, samvirke og andre store slakteri, ikkje kjem signal direkte frå forbrukar til den enkelte produsent, så eksisterer det alternative marknadspllassar som til dømes Bondens marknad og ulike matfestivalar der produsentar møter forbrukarane direkte. Ein studie av deltakarar på Bergen matfestival viste at det var utstrakt grad av læring hos produsentar som møtte kunden direkte. Produsentane tilpassa produkta og innpakkinga år for år og fekk god respons frå kundane med auka sal både på og utanom festivalen som resultat (Spissøy 2006).

For å få stor nok produksjon til å kunne forsvare eit reklamebudsjett kan det vere naudsynt å få til samarbeid mellom fleire produsentar. Det er ikkje like lett alltid og alle stader. Det er såleis truleg at det er andre punktet ovanfor som i minst grad er oppfylt.

For ein del konsumentar kan det vere viktig å skilje mellom villsau frå kystlynghei og villsau som har gått i andre område. Det er ikkje utan vidare lett å sjå skilnad på produkta, og det kan og vere vanskeleg å kjenne skilnad på smak. Dersom dette er tilfelle, vil det langt på veg vere snakk om tillit til dei varene ein kjøper. Krav til produksjon og korrekt merking kan bidra til å gje informasjon og skape tillit. Fleire forfattarar har drøfta korleis konsumentar søker informasjon om tillitsgode og andre varer og korleis informasjon er gjort tilgjengeleg for konsumentar, mellom andre Dullock et al. (2011), Folkeson (2005), Rangnekar (2004) og Bramley, Biénabbe og Kirsten (2009). Vi går ikkje meir inn på det her.

#### 4.3.2 Generelt om beskytta produktnemningar for næringsmiddel

Ordninga med beskytta produktnemningar vart innført i Noreg i 2002 etter mønster av tilsvarande ordning som EU innførte i 1992.<sup>16</sup> Beskytta produktnemningar er eit sett med merke som mellom anna skal gje informasjon til forbrukarane. Ordninga med beskytta produktnemning er eit opplegg for mellom anna å garantere kvalitet; ein vil garantere produksjonsmetode og integritet av tradisjonelle og regionale produkt (Sepúlveda et al. 2010: 90). Beskytta geografisk nemning er oppfatta som både eit svar på forbrukarønske om tradisjonelle og autentiske produkt, og eit tiltak for å fremje produsentinteresser og bygdeutvikling. Innføringa av ordninga med beskytta nemningar i Noreg var resultat av eit politisk mål om å skape tilleggsverdiar for produkt ved å beskytte produksjonen til geografisk opphav eller tradisjonell framstilling (Andgard & Tufte 2010: 1).<sup>17</sup> Landbruks- og matdepartementet har framheva at ordninga hovudsakleg er

<sup>16</sup> Det noverande EU-regelverket er gjeve i Regulation 510/2006.

<sup>17</sup> Wikipedia har ein omfattande omtale av Protected Geographical Status

([http://en.wikipedia.org/wiki/Protected\\_geographical\\_indications\\_in\\_the\\_European\\_Union](http://en.wikipedia.org/wiki/Protected_geographical_indications_in_the_European_Union))

ein verkemiddel for næringsutvikling og har lagt vekt på at ordninga oppfordrar til sterkt produsentsamarbeid og kontroll gjennom verdikjeda (Andgard & Tufte 2010: 13).

Geografiske nemningar høyrer til «familien» med immaterielle eigedelar (intellectual property - IP) saman med åndsverk (copyrights), patentrettar og (registrert) varemerke. Varemerke kan ein oppfatte som «storebroren» til geografiske nemningar (Folkeson 2005: 11). I land som USA, Canada og Australia er geografiske nemningar oppfatta som ein underkategori av varemerke, medan til dømes EU behandlar geografiske nemningar som ei spesiell form for immateriell eigedom (Ibele 2009). Bruken av geografiske nemningar er regulert i verdshandelsorganisasjonen (WTO) i ein eigen avtale, TRIPS-avtalen. Revisjon av TRIPS-avtalen er ein del av den igangverande Doha-runden i WTO. Det er ein stor litteratur om TRIPs, sjå til dømes Geuze (2009); Josling (2006); Taubman, Wager & Watal (2012: 76–94) og referansar i desse. Vi går ikkje inn på dette her.

Det norske regelverket om beskytta nemningar er gjeve i forskrifter med heimel i matloven (LOV-2003-19-124). Det er ei generell forskrift (FOR 2002-07-05 nr 698) og eigne produktforskrifter for kvar beskytta nemning. Formålet med ordninga med beskytta nemningar «...er å beskytte produktbetegnelser på næringsmidler ut fra opprinnelse, geografi og tradisjonelt sær preg, herunder sikre redelig omsetning av disse produktene.» (FOR 2002-07-05 nr 698 § 1).

§ 10 i forskrifta regulerer kva produkt med beskytta geografisk nemning er beskytta mot:

*1: enhver direkte eller indirekte bruk av en beskyttet betegnelse for næringsmidler som ikke tilfredsstiller kravene i den aktuelle produktforskriften, dersom næringsmidlene kan sammenlignes med de næringsmidler som er beskyttet under denne betegnelsen, eller dersom bruken av betegnelsen innebærer utnyttelse av den beskyttede betegnelsens om-dømme,*

*2: enhver urettmessig bruk, etterligning eller antydning, selv om næringmidlets virkelige opprinnelse er angitt, eller hvis den beskyttede betegnelsen er anvendt i oversettelse eller fulgt av uttrykk som «art», «type», «måte», «som fremstilt i», «etterligning» eller «lignende»,*

*3: enhver annen form for uriktig eller villedende angivelse av næringmidlets opphav, opprinnelse, art og hovedegenskaper på pakningen og emballasje, i reklame eller i dokumenter for de aktuelle næringsmidlene, samt anvendelse av emballasje som kan gi et feilaktig inntrykk av opprinnelse, og*

*4: enhver annen form for praksis, som kan villede offentligheten med hensyn til næringmidlets virkelige opprinnelse.*

Det står vidare i paragraf 10 at: «Rett til betegnelse gir ikke innehaveren rett til å nekte andre å bruke sitt navn eller firma eller sin adresse i næringsvirksomhet i samsvar med god forretningsskikk.»

Bruk av slike nemningar er ei form for produktdifferensiering. Ved differensiering er det til vanleg ei bedrift som prøver å gjere sitt produkt litt annleis enn produkta frå andre bedrifter. Beskytta nemningar er til vanleg brukt av ei gruppe produsentar. Beskytta geografisk nemning kan (etter søknad) nyttast av produsentar innafor eit geografisk område som driv slik produktforskrifta bestemmer.

Geografiske nemningar er namn som er assosiert med produktkvalitet som kjem frå visse geografiske område og der geografisk opphav av produkta gjev dei ein spesiell kvalitet, kjenneteikn (karakteristika) og ry (Kireeva 2011). Når eit namn er beskytta, må alle som brukar namnet, rette seg etter fastsette kravspesifikasjonar, og dei som tilfredsstiller krava har rett til å bruke namnet på det spesifikke produktet (Kireeva 2011).

I Noreg er det Mattilsynet som bestemmer om eit produkt skal kunne få vern, og fastset forskrifter for kvart produkt.

Per juni 2012 er det 19 beskytta nemningar i Noreg. Av desse er 15 beskytta geografisk nemning (betegnelse), 3 er beskytta opphavsnemning (opprikkelsesbetegnelse), og 1 er beskytta tradisjonelt sær preg (Beskyttede betegnelser 2012). «Villsau frå Norsk kysten» er ei av dei 15 varene med beskytta geografisk nemning.

### 4.3.3 Erfaring frå bruk av geografisk nemning

Fordi bruken av beskytta geografisk nemning er relativt ny i Noreg, er det lite forskingsbasert evaluering av ordninga. Både i Eldby & Tufte (2004) og Tufte (2006) er empirien i stor grad henta frå andre europeiske land. Andgård & Tufte (2010) ser i hovudsak på korleis ordninga med beskytta nemning har lukkast som landbruks politisk verkemiddel. Dei konkluderer med at ordninga først vil få stor betydning når produkt med stort salsvolum kjem med i ordninga. Fannemel (2012) kom til at det ikkje nødvendigvis er produkt med betydeleg salsvolum som skal til for å lukkast med bruken av beskytta nemningar. Fannemel (2012) såg på økonomiske teoriar for å analysere marknaden for produkt med beskytta nemning og erfaringar med beskytta nemningar i Europa og Noreg. I tillegg såg Fannemel på prisar og volum for nokre beskytta produkt og har ein overordna analyse av kva oppfatningar konsumentar og produsentar har av produkta. Fem av seks undersøkte produkt hadde ein meirpris i butikk i høve til «vanlege» produkt. Analysen kunne ikkje svare på kor mykje av meirprisen som produsentane fekk. Fannemel referer undersøkingar som viser at opphavsmarking er betre kjent mellom forbrukarar i Sør-Europa enn i dei nordlege delane av Europa, men trass i lite kjennskap til lokale spesialitetar har nordmenn interesse av å ha desse i butikkhyllene.

Utanlands er det ein del analysar, spesielt av vin og ost. Her skal vi referere enkelte arbeid som er relevante for ei vurdering av Villsau frå Norsk kysten.

Bramley, Biénabbe & Kirsten (2009) diskuterer beskytta geografisk nemning i høve til informasjonsasymmetri og omdømme, forbetra marknadstilgang og potensialet for bygdeutvikling. Bruken av beskytta nemning kan gje forbrukarane nyttig informasjon, og verdien av å bruke nemninga er avhengig av omdømmet til varene som er merka.

Loureiro & McCluskey (2000) analyserte forbrukarhaldninga til galisisk storfekkjøt (Galician Veal). Dei argumenterer for at det kollektive ryktet til ei vare bestemmer kor vellukka eit merke som beskytta geografisk nemning (PGI) kan bli. Dei fann at når PGI-marking var nytta for kvalitetsprodukt av kjøt, var det mogeleg å oppnå ein meirpris opp til eit vist nivå på kvalitet. For både ekstra høg og ekstra låg kvalitet var det ikkje mogeleg å oppnå meirpris ved å nytte PGI. Dei konkluderer med at å bruke merket på varer som ikkje har høg kvalitet, ikkje er ein effektiv strategi og kan kanskje verke skadeleg på ryet som produktet elles har. Bedriften med ekstremt høg kvalitet på produkta sine, trong ikkje nytte merket for å oppnå meirpris. Difor foreslår dei at merket berre vert brukt på høgkvalitetsprodukt der ein kan oppnå godt ry.

McCluskey & Loureiro (2003) konkluderte mellom anna med at med aukande etter-spørsel etter produkt med høg kvalitet, vil omsyn til helse og sosialt ansvar gjere merking for produkteigenskapar meir aktuelt.

Sepúlveda, Maza & Mantecón (2009) såg på kva faktorar som hadde samanheng med kjøp av lammekjøt med opphavsmarking. Analysen gjeld Zaragoza i Aragón-provinsen i Spania. Konsumentar som var lojale mot merket (kjøpte desse varene ofte), assosierte merket med produkt av god kvalitetsgaranti og at det var helsesamt. Dei som kjøpte varer med merket sporadisk, assosierte merket med eit produkt der ein har god kontroll på produksjonsprosessen og der det var opplysning om opphavet, men la ikkje vekt på at det var sunn mat eller sterkare kvalitetsgaranti.

Sepúlvada et al. (2010) såg på produsentane sine haldninga til å produsere lammekjøt under ei beskytta geografisk nemning (Ternasco de Aragón) i Spania. Dei fann at produsentane som var med på ordninga la mest vekt på at det å nytte merket ga tilgang til marknader og at forbrukarane fekk større tillit til produktet.

#### 4.3.4 Villsau frå Norskekysten

Norsk villsaulag (NVL) vart skipa i 1994 og fekk patentert merkevara «Norsk villsau» (Buer 2011: 32) og eig framleis dette varemerket.<sup>18</sup> Vissheita om at villsauen høyrdheime i llynghesiane, og at berre slik llynghesau kunne kallast villsau, vart sterkare, men NVL klarte ikkje å kommunisere dette godt nok i marknaden (Buer 2011: 32–33). Buer skriv og at NVL sette i gang arbeid med ny kvalitetssikring i 1997. Ein ville sikre at Norsk Villsau ikkje var produsert på full inneföring eller av andre rasar. Det var eit problem at slakteria tok inn anna sau, både frå innlandet og frå andre rasar, og marknadsførte kjøtet som villsau (Buer 2011: 33). For å få betre kontroll med kvalitetsarbeidet søkte NVL om verna merke hos Matmerk, men Matmerk meinte at berre *regionar* kunne få slike merke, ikkje heile kysten (Buer 2011). Villsaulaget Vest vart difor skipa i 1997 for å ta merkesaka vidare. Saka vart ikkje endeleg avgjord før i 2010 då Mattilsynet fastsette forskrift om vern av *Villsau frå Norskekysten* som geografisk nemning (Lovdata, <http://www.lovdata.no/for/sf/ld/xd-20101104-1402.html>).

Av forskrifa går det fram at Villsau frå Norskekysten PO og Villsaulaget vest er rettmessige brukarar av produktnemninga Villsau frå Norskekysten (§ 1 og § 2). Mellem vilkåra for å bruke produktnemninga er at:

- Kjøtet er av sau av rasen Gammalnorsk sau. Kjøtet skal ha djup raudleg farge og god marmorering (§ 3.1).
- Det geografiske området for produksjon av Villsau frå Norskekysten er avgrensa til område med kystlynghei på norskekysten (§ 3.2).
- Sauen skal gå ute på beite heile året. I beiteområda skal det vere tilstrekkeleg med kystlynghei til at besetningane kan overvinstre, og det skal vere god nok tilgang på ferskvatn. Vegetasjonsdekket skal ha mellom 70 prosent lyng og 30 prosent gras til 30 prosent lyng og 70 prosent gras. Beredskapsfør skal i akutte tilfelle kunne skaffast raskt. Grensa for tilleggsfør er sett til maksimum 20 prosent av den totale, årlege formengda.
- Dyra skal kunne finne le i vinterhalvåret, anten naturleg i terrenget eller i tilgjengelege bygningar eller leskur. Dyra skal ha beskyttande ullfell om vinteren. Dyra skal samlast minimum vår og haust for kontroll og m.a. merking, napping og klipping av ull og nødvendig parasittbehandling. (§ 3.2).

Godkjend slaktevekt for lam skal vere mellom 8 og 16 kg, og på vaksne dyr mellom 9 og 16 kg (§ 3.3). Foredling av produkt kan skje utanfor det området der dyra har levd.

Regelverket for Villsau frå Norskekysten har etter dette to hovudkrav: (1) dyr skal vere av gammalnorsk rase og (2) det skal vere heilårsbeite i kystlynghei. Produkt med beskytta nemning er gjennom lovverket verna mot at andre næringsmiddel som er til forveksling lik, utan å vere godkjent, skal misbruка den beskytta nemninga. Merkebrukaren har ein eksklusiv rett til å nytta logoen og den beskytta nemninga som sikrar forbrukaren rett informasjon om næringsmiddelets verkelege opphav, art og eigenskap. For meir detaljerte krav til Villsau frå Norskekysten og generelle reglar om ordninga sjå [www.beskyttedebebetegnelser.no](http://www.beskyttedebebetegnelser.no).

---

<sup>18</sup>Det er kanskje like rett å seie at det var «varemerket» som vart patentert.

Det kan vere dyr av gammalnorsk rase som ikkje går på heilårsbeite i kystlynghei, jamfør at det er mange slakt av villsaulam i høve til kor mange utegåande sauер som det vert betalt tilskot for (kap. 3). Slakt av slike dyr kan ikkje omsetjast under nemninga Villsau frå Norskekysten. Ein kan òg tenkje seg at enkelte lyngheibeite ikkje oppfyller krava til gras og lyng i beitet.

Til og med 2012 har ikkje Villsau frå Norskekysten vorte særskilt marknadsført. Det vil krevje innsats, og at ein får gjennomslag, om merkevarenemninga Villsau frå Norskekysten skal kome i bruk. Generelt vil oppslutnaden om slike ordningar vere avhengig av kostnader og nytte ved å vere med. Kostnadene kan delast i to grupper (sjå Fearne & Walters 2004):

- Medlemskaps- og kontrollkostnader (utarbeide søknad, årleg medlemsavgift, kontrollkostnader)
- Kostnader ved å oppfylle krava til å vere med (compliance costs).

Kostnadene i den første gruppa, spesielt medlemskapsavgift, vil vere kjende når systemet kjem i drift. Å utarbeide søknaden om godkjenning, inkludert å lage ein driftsplan, vil vere ein eingongskostnad. Kostnadene ved å oppfylle krava til å vere med er avhengige av om ein må drive annleis når ein nyttar den beskytta nemninga enn det ein elles ville ha gjort.

Kostnader knytte til marknadsføring av produktet kan inngå i medlemskostnaden.

Matmerk marknadsfører sjølve ordninga med beskytta nemning. Dei jobbar for å synleggjere ordninga til alle aktørane i verdikjeda og brukar godkjente produkt som eksempel. Matmerk uttalar at det er utfordrande å nå ut til forbrukarane med produkta då ein opplever at foredlingsledda ikkje handsamar produkta særskilt og merkar dei som beskytta produkt sjølv om dei tilfredsstiller krava. Matmerk uttalar vidare at det er veldig bra for ordninga og marknadsføringa av ordninga at ein får produkt som har eit visst volum. Dette er i tråd med argumentasjonen til Andgård og Tufte (2010). For at reklame og PR skal ha effekt må forbrukaren finne produkta i butikken. Det at produsentane kan levere relativt store volum er difor ein stor fordel, både for det einskilde produkt, den einskilde produsent og for ordninga generelt.<sup>19</sup>

Fordi den beskytta nemninga ikkje kom i bruk i slaktesesongen 2011, og heller ikkje i 2012, har ein ikkje erfaring for kor vellukka nemninga kan verte. Vi har tidlegare (Kapittel 3.1) vist at det er mange slakt av villsaulam i høve til kor mange dyr som får tilskot som utegåande sauер, og at det er utegåande sauер i område utan kystlynghei. Ein stor del av slakta av villsaulam vil difor ikkje tilfredsstille krava til Villsau frå Norskekysten. Dersom berre ein mindre del av det som no er villsauslakt, tilfredsstiller krava til Villsau frå Norskekysten, kan det bli lettare å oppnå meirpris på det kjøtet som tilfredsstiller krava. Dette er i strid med det som er nemnt ovanfor om kvantum, men kan vere i tråd med kravet om tillit til at produkta er produserte i tråd med produktkrava. Berre om og når nemninga vert teken i bruk, vil ein kunne sjå verdien av nemninga.

#### 4.3.5 Andre aktuelle merkeordningar

Nokre «villsaubedrifter» er Debio-godkjende for økologisk produksjon. Desse vil kunne få tilskot til økologisk jordbruk og meirpris for økologisk kjøt ved omsetning gjennom slakteri (Statens landbruksforvaltning 2012a). Er krava oppfylte, kan produkta merkast både med Debio-merke og med merket Villsau frå Norskekysten. I kapitel 3.5 har vi vist at dekningsbidraget (medrekna tilskot) kan vere 30–40 prosent større per vinterfora sau ved økologisk produksjon enn ved «konvensjonell» produksjon. I praksis er det likevel ikkje vanleg å marknadsføre villsaulam som økologiske produkt, etter det vi veit.

<sup>19</sup> Telefonintervju med ansvarleg for beskytta nemningar i Matmerk.

I tillegg til dei tre beskytta nemningane har KSL Matmerk også spesialitet-merket. Ifølge KSL Matmerk garanterer spesialitet-merket matprodukt med spesielle kvalitetar som skil dei frå alle de andre. Spesialitet-merket garanterer ei spennande, ny og god matoppleveling (KSL Matmerk 2011). Av om lag 200 produkt som er godkjende for bruk av spesialitet-merket, har vi funne to som har villsau i namnet: «Fenalår av Gammal Norsk Sau (villsau)» og «Spekepølse Gammal Norsk Sau (villsau)» fra Voss Kjøttindustri. Begge produkta er baserte på kjøt frå vaksne dyr av villsau. Beitetilhøva langs kysten er nemnde i omtalen av produkta. Så langt har desse produkta utgjort eit svært lite kvantum.

## 4.4 Organisering av omsetning av villsauprodukt

### 4.4.1 Omsetningsformer

Villauprodukt er omsett gjennom mange kanalar, mellom anna direkte omsetning der produsentane sjølv står for omsetninga til forbrukar. Vi skal her sjå på nokre alternativ for organisering av slik omsetning.

Ved direkte omsetning har produsenten kontroll med så godt som heile verdikjeda. Eit unntak er at dyra må slaktast på godkjent slakteri, og få villauprodusentar har eige slakteri. Foredling og marknadsføring står produsenten for sjølv. Sidan produsenten har grep om ein stor del av verdikjeda, vil han ha kontroll med kvalitet og mengde. Han kan påverke prisen og ein stor del av verdiskapinga. Produsenten kan etablere sitt eige varumerke og marknadsføre produkta på ulike vis og selje gjennom fleire kanalar. Døme på slike kanalar er Bondens marknad, festivalar, messer, abonnementsordningar, andelsgard, internett, avisannonser, osb. Produsentane kan rette seg mot ulike forbrukargrupper: lokalbefolking, byborgarar, turistar, restaurantar, osb. Ulempa med direktesal kontra sal til slakteri er at det tek tid og at ein må marknadsføre produkta sjølv. Om overskotet vert større eller mindre ved direktesal eller anna omsetning, er avhengig av mange faktorar som arbeidskostnader, kostnader ved kjøp av tenester (t.d. slaktekostnader og transport), marknadsføringskostnader og prisdifferanse.

Sjølv villauphaldet er lite arbeidskrevjande per dyr, og det er difor mogeleg å kombinere villaupdrifta med annan aktivitet. Dei fleste som driv med villaup, har andre inntektskjelder, anten på eller utanfor garden – ofte begge delar. Eiga omsetning vil kunne konkurrere med desse andre aktivitetane om tid.

Direkte omsetning krev at produsenten beherskar marknadsføring og omsetning i tillegg til produksjon. Dette stiller (store og) mangesidige krav til dei enkelte produsentane og det kan bli ei lite effektiv form for omsetning, men enkelte har lukkast bra med det utan at dei etter eiga utsegn har peiling på marknadsføring (Spissøy 2006). Eventuell mangel på effektiv produksjon og omsetning i forhold til dei store slakteria kan kompenserast med at ein kan oppnå høgare pris for eit særeige produkt. Har ein stor nok omsetning til å tilsetje medarbeidarar, kan fleire dele på arbeidsoppgåvene og effektivisere prosessar.

Det at ein småskalaprodusent kan leve stort nok volum er eit moment for delikatesseforretningar som eventuelt skal selje produkta til forbrukar. Ein innehavar av ei delikatesseforretning som stundom sel kjøt frå villaup, har i intervju framheva at store nok og stabile nok leveransar er ei utfordring. Han vegra seg for å ta inn produkt frå produsentar som ikkje kan leve stort nok. For å byggje opp ein god og stabil etterspørsel er det ein stor fordel om konsumentane kan vere relativt sikre på å finne det dei vil ha i butikken når dei forventar å finne det – eksempelvis pinnekjøt frå villaup i pinnekjøtsesongen eller ferskt villaupkjøt i fårikålsesongen. Må ein gå tomhendte heim, eller gå heim med

eit alternativt produkt, så spør ein kanskje ikkje etter villsau tredje eller fjerde gang ein skal ha fenalar, eller ein tek til takke med det ein finn i nærmeste daglegvareforretning.

For småskala gardsmatprodusentar er det, som Hayes et al. (2003) har peika på, eit nødvendig vilkår at produsentane må vere store nok til å dekkje marknadsføringskostnader og drive effektivt (sjå kapitel 4.3.1), og det er ein stor fordel å vere stor nok til å kunne tilby store nok og stabile nok leveransar til kundar og utsalssstader.

Norsk daglegvarehandel er dominert av fire store paraplykjedar. Desse har relativt sentraliserte innkjøp. Det kan vere vanskeleg for småskala produsentar å få hylleplass, men ein del butikkar har plass for lokalmat.

Direkte omsetning krev meir kapital enn å selje til slakteri. Uansett selskapsform må eigarane gå inn med noko eigenkapital når dei satsar på foredling og sal i eigen regi, og i dei fleste tilfelle må noko lånefinansierast. Ofte reknar ein at den finansielle risikoien aukar med gjeldsgraden (Boye 1987: 280; Barry & Ellinger 2010: 109–112), men det er ingen generell regel for kor mykje kapital eigarane bør gå inn med og kor mykje dei kan lånefinansiere. Faktisk finansiering er også eit resultat av kva låneinstitusjonar er villige til å finansiere.

Det er sjeldan at forbrukarane kjøper heile eller halve slakt, men det førekjem i dei tradisjonelle områda for bruk av mykje lam- og saupekjøt. Forbrukarane vil gjerne ha delar av skrotten, til dømes lår, sadel/rygg eller ribbe. For å få god økonomi i foredlinga vil det vere gunstig å kunne nytte alle delane på ein god måte.

#### 4.4.2 Val av selskapsform ved eigen foredling og omsetning

Når ein foredlar og omset sjølv, kan det vere eit spørsmål om dette skal vere ein del av gardsdrifta, eller om ein skal organisere det i eige selskap. Når ein skal vurdere slike spørsmål, må ein ta omsyn både til offentlege reglar og kva som høver best for den enkelte. Val av selskapsform har ikkje vore noko hovudtema for dette prosjektet, men vi tek likevel med litt fordi spørsmål om organisering lett kjem opp når ein vurderer foredling og omsetning i eigen regi.

Landbruksbedrifter er til vanleg organiserte som enkeltpersonforetak. Næringsdrivande i jordbruk, husdyrhald, hagebruk, gartneri, skogbruk og fiske skal leve omsetningsoppgåve og ha meirverdioppkjøp éin gong i året. I denne omsetningsoppgåva kan dei og ta med omsetning i anna næring, dersom denne ikkje er større enn kr 30 000 (Altinn 2010).

Ein kan opprette eige selskap, til dømes eit aksjeselskap (AS), for å drive foredling og omsetning, aleine eller saman med andre. Når fleire produsentar går saman, kan samyrkeforetak (SA) eller ansvarleg selskap (ANS eller DA) vere aktuelt. Dei formelle krava til skiping, registrering, rekneskap og revisjon varierer frå selskapsform til selskapsform. Eit viktig skilje mellom selskapsformene er kva ansvar eigarane har ved eventuelle betalingsproblem og konkurs. I eit aksjeselskap er det berre aksjekapitalen som kan gå tapt. Aksjeeigarane har ikkje noko økonomisk ansvar utover dette. Det er minimumskrav til aksjekapital. Små aksjeselskap er fritekne for revisjonsplikt. Med samyrkeforetak er meint ei samanslutning med hovudformål å fremje medlemmane sine økonomiske interesser ved at desse deltar i foretaket si verksemrd. Ingen av medlemme har personleg ansvar for foretaket sine forpliktingar. Det må vere minst to medlemer i eit samyrkeforetak. Det er ingen krav til minstekapital. Samyrkeforetak som i året har hatt meir enn to mill. kr i salsinntekt, har rekneskapsplikt. Foretak med meir enn fem millionar i salsinntekter har revisjonsplikt. ANS og DA er ansvarlege selskap. Det vil seie at medlemane har uavgrensa personleg ansvar for selskapet si gjeld. Ansvaret kan anten vere solidarisk (ANS), eller delt (DA) (Altinn 2011).

Dersom fleire går saman i eit selskap, er det ein fordel om alle har nokolunde same oppfatning om kva ein vil oppnå. Interessemotsetnader kan lett få negative konsekvensar.

sar for samarbeidet. Vi har ikkje undersøkt om det er vanleg at fleire går saman om bedrifter for foredling og omsetning.

## 4.5 Betaling for kollektive gode ved utegåande sau i kystlynghei

Det er nemnt fleire stader i dette notatet at kystlynghei har ein eigenverdi, utover den verdien lyngheia har som beiteområde. Desse ekstraverdiane har trekk av å vere kollektive gode. Det er generelt ein fare for at dersom dei som driv med villsau og skjøttar kystlyngheiane, ikkje får betalt for dei kollektive goda, vil produksjonen av kystlynghei bli mindre enn det som er samfunnsøkonomisk optimalt. For å sikre optimal «produksjon» av det kollektive godet, må eller bør den som produserer det, få betalt for det. I engelskspråkleg litteratur er det omtala to prinsipp for å få dette til: «the Beneficiary Pays Principle - BPP» (den som har nytten, skal betale) og «the Provider Gets Principle - PGP» (den som framskaffar godet, skal ha betalt). Sjå til dømes Hanley et al. (1998) for ein omtale av desse prinsippa. Ved bruk av BPP må ein identifisere dei som har nytten, og etablere ein måte for å krevje inn betaling. I mange tilfelle er dette vanskeleg. Allemandsretten vil til dømes gjøre det vanskeleg å krevje betaling av dei som går tur i kystlyngheiar. Gjennom samarbeid mellom reiseliv og dei som pleier eit landskap, kan det vere mogeleg å få til ordningar til felles beste. Ved bruk av PGP vil styresmaktene definere eit mål for kva dei vil oppnå, og bruke offentlege midlar til å få til den ønskete «produksjonen». Denne måten er mest brukt i jordbrukskot, både i Noreg og andre land.

I kapittel 3.4 har vi omtala eksisterande tilskotsordningar for villsaudrift og stell av kystlynghei. Desse ordningane er delvis relativt generelle slik som tilskota til utegåande sauer og beitetilskot. For å få slike tilskot må den enkelte bonden oppfylle dei generelle vilkåra for å få produksjonstilskot og vilkåra for kvart enkelt tilskot. For beitetilskot og andre produksjonstilskot er desse vilkåra relativt generelle.

Tilskota gjennom regionale miljøprogram (RMP) og SMIL er meir målretta. Som eit døme nemner vi Hordaland som kan løyve tilskot til tradisjonell drift av kystlyngheiane. Med tradisjonell drift av kystlynghei meiner ein vinterbeiting og lyngsviing for å sikre god fornying av lyngen. Det er krav om minst tre månader vinterbeite. Det er ikkje krav til kva dyreslag eller sauerase som beiter i kystlyngheia. Det er heller ikkje krav om at dyra tek opp det vesentlege av næringstrongen frå beitet, men beitepresset skal vere tilstrekkeleg med høgt nok dyretal i høve til arealet. Arealet skal vere kartfesta i Miljøplan trinn 1 og det er krav om utfylling av sjekkliste for skjøtsel. Det arealet ein søker tilskot for, må òg vere kartfesta på kart over kystlyngheiområda i Hordaland (Fylkesmannen i Hordaland 2012).

Handlingsplan for kystlynghei legg opp til frivillige avtalar mellom grunneigar-/landbruksføretak og staten. Desse avtalane inneheld skjøtsels- og vedlikehaldsplanar.<sup>20</sup> Det er meiningsa at avtalane skal ha eit relativt langt tidsperspektiv, til dømes ti år. Begge partar kan ta initiativ til å revidere avtalen, og partane kan seie opp avtalen etter bestemte reglar. Staten kan ta initiativ til revisjon av avtalen eller kan/må seie opp avtalen dersom løvyingane over statsbudsjettet ikkje er tilstrekkelege til å oppretthalde avtalen. I den grad jordbruksavtalemidlar er nytta (RMP- og SMIL-midlar) til å finansiere avtalen, har jordbruksinnverknad på utforminga av ordningane gjennom jordbruksforhandlingane og ved drøftingar og høyringar i samband med fastsetting av reglar (forskrifter).

Dei norske ordningane liknar på ordningar i EUs miljøpolitikk overfor landbruket (agri-environmental policy). Tiltaka som inngår i den, er utforma for å oppmuntre bøndene til ta vare på og forbetra miljøet på eigedomane sine. Bøndene forpliktar seg, for

<sup>20</sup> Sjå Direktoratet for naturforvaltning (2012a vedlegg 6) for eit eksempel på avtale om skjøtsel.

ein periode på minst fem år, å nytte miljøvenlege metodar som går lenger enn det som er lovbestemt. Som motyting får produsentane økonomisk kompensasjon for ekstra kostnader og tapte inntekter (European Commission 2012). Det er frivillig om bøndene vil gå inn i slike kontraktar. I England er det utforma eit såkalla «Stewardship Scheme» som er delt i to nivå: Basisnivået er Entry Level Stewardship for konvensjonelle bruk og Organic Entry Level Stewardship for økologiske bruk. Det neste nivået med strengare krav er Higher Level Stewardship Scheme. Basisnivået er ope for alle, og det er ein kontraktsperiode på fem år. Kontraktstida er ti år for tiltak på det andre nivået. Sjå Quilérou & Fraser (2010) eller Natural England (2012) for meir omfattande omtale.

Det er ein del litteratur om utforming av slike avtaler. Her trekkjer vi fram berre enkelte element utan å prøve å gje noko fullstendig eller representativ framstilling.

Polman & Slangen (2008: 427) fann at kontraktane burde vere retta mot klart definerte handlingar og ta omsyn til kjenneteikn ved både gardsbruket og gardbrukaren. Dette ville gjere politikken meir effektiv. Bøndene må også stole på styresmaktene for å inngå slike kontraktar. Polman og Slangen fann også at sosial kapital var viktig for å inngå slike kontaktar. Det var meir sannsynleg at bønder med gode nettverk utanfor jordbruksområdet ville inngå slike kontraktar enn at andre ville gjere det.

Også Jongeneel, Polman & Slangen (2008) fann at tillit til styresmaktene var ein viktig forklaringsvariabel for å vere med på vernetiltak og satse på turisme. Det var mindre sannsynleg at bønder som la stor vekt på eigedomssretten til jord, inngjekk kontraktar om å verne natur fordi dei meinte at dei misse disposisjonsrett ved å inngå slik kontrakt.

Eit spørsmål er kva som skal avtalast; skal det vere ein detaljert skjøtsels- eller driftsplan eller skal avtalen vere resultatorientert og spesifisere kva ein vil oppnå og ikkje korleis ein vil oppnå dette? Ved å konsentrere avtalen om resultat (kva) i staden for korleis ein skal oppnå resultatet (eventuelt både kva og korleis) kan ein kanskje nå målet på ein meir kostnadseffektiv måte. Matzdorf & Lorenz (2010) har sett på teori for slike avtalar og har brukt bevaring av artsrike grasmarker i Baden-Württemberg som case. Mellom fordelane ved resultatorienterte avtalar er at det fremjar fleksibilitet og innovasjon. Også motivasjonen for å delta og for å bevare naturen kan bli fremja. Mellom dei potensielt negative effektane er transaksjonskostnader (kontroll og rådgjeving). Matzdorf & Lorenz fann mellom anna at resultatorienterte avtalar var kostnadseffektive og at den konkrete utformingen av avtalane og implementeringa var avgjerande for kor vellukka dei var.

For kystlynghei er det kanskje så nær samanheng mellom driftsmåte og resultat at det i praksis ikkje vert så stor skilnad på avtalane om dei er utforma ut frå ein spesifisert bruk eller oppnådd resultat. Dei nemnde endringane i kriteria for RMP i Hordaland tyder likevel på at det har blitt større fleksibilitet og at ein legg meir vekt på resultatet enn korleis ein oppnår det.

Å styrke økonomien i produksjon av villsauprodukt kan redusere behovet for tilskot til denne produksjonsmåten. På andre sida er effekten på kystlynghei av styrka økonomi i produksjonen svært indirekte. Også ut frå effektivitetsomsyn synest det mest målretta å knyte tilskotskriteria relativt direkte til det ein vil støtte, her kystlynghei og bevaring av ein sauera og ei driftsform knytt til denne, enn å fremje næringsutvikling basert på villsauprodukt.



# 5 Drøfting, konklusjon og nye problemstillingar

---

## 5.1 Drøfting og konklusjonar

Kystlynghei er skapte i eit samspel mellom naturen og korleis menneska gjennom fleire tusen år har nytta områda. Heilårsbeiting, hovudsakleg med sau, og lyngsviing var vesentlege element i bruken av kystlynghei. Bruken har endra seg sterkt, og kystlynghei er no ein utsett landskapstype som Noreg er forplikta til å ta vare på. Formålet med dette notatet er å gje ei oversikt over økonomien i drift med utegåande sau i kystlynghei og om korleis ein kan auke lønsemda og verdiskaping for å bidra til å ta vare på denne naturtypen:

- Korleis er økonomien i dag, og kva er dei viktigaste faktorane som bestemmer lønsemda?
- Korleis kan ein auke verdiskapinga i denne driftsforma?

Heilårsbeiting med sau av gamalnorsk rase har tradisjonelt vore ein viktig del av drifta i kystlynghei. Det er mange omgrep knytt til slik drift, og dette kan skape forvirring. I tilskotssamanheng (produksjonstilskot) er omgrepet «utegåande» sau nytta. Dette er sau som går ute heile året og stort sett klarer seg sjølv (ikkje hus eller tilleggsføring i «normale» vintrar). Det er ikkje noko spesielt krav om rase, eller at dei beiter i kystlynghei. Dei fleste dyra er nok likevel av rasen gamalnorsk sau. I slaktestatistikk og marknadsføring er omgrepet «villsau» nytta. Dette er slakt av sau av gammalnorsk rase, men det er ikkje krav om at dei skal vere utegåande sau. «Villsau frå Norskekysten» er godkjend som beskytta geografisk nemning, men er hittil ikkje brukt i marknadsføringa.

Det har vore rask vekst i talet på utegåande sau og i talet på slakt av villsaulam fram til rundt 2010-11. Tidlegare gav slakteria (Nortura og Fatland) ekstra pris for villsaulam. Villsaulam mellom 9 og 13 kg slaktevekt fekk grunntilskot, mens det ikkje vart gjeve til andre lam med slik vekt. Dei siste åra er både pristillegget for villsau og grunntilskotet for små villsaulam fjerna. Betalinga for villsaulam har difor i prinsipp vorte (meir) lik betalinga for andre lam med same vekt og klassifisering.

At prisen har vorte meir lik prisen på anna slakt med tilsvarende klassifisering har samanheng med at slakteria klarer å selje berre ein mindre del av villsauslakta som spesialprodukt med ein meirpris. Produksjonen av villsaulam er for stor i høve til etterspørslene gjennom dei «vanlege» salskanalane. Lam av dei svakaste kvalitetane med omsyn på slaktevekt og klassifisering er det ikkje avsetjing for gjennom ordinære salskanalar.

Som erstatning for redusert grunntilskot er produksjonstilskotet (husdyrttilskotet) til utegåande sau auka. Husdyrttilskot er likevel betydeleg mindre for utegåande sau enn for annan sau.

Produksjonsinntektene er betydeleg mindre for utegåande sau enn for vanleg sau, men kostnadene er også betydeleg mindre. Det er såleis ingen eller svært små kostnader til hus og fôr sjølv om det i enkelte år kan vere naudsynt med tilleggsføring. På nokre lokalitetar er det naudsynt å ha gjerde, mens andre lokalitetar er naturlege avgrensar. Arbeidsinnsatsen er jamt over liten, men avhengig av korleis sankinga kan organiserast og kor mykje arbeid det er med stell av beite (rydding, lyngsviing osb.). Forskriftene for

hald av utegangarsau krev ettersyn av dyra ein gong i veka. Lønsevne per time kan bli minst på linje med anna sauehald.

Potensialet for auka verdiskaping ligg delvis i tiltak for å auke slaktevektene og oppnå betre klassifisering og pris på lamma, og delvis i meir direkte sal og foredling av kjøt og andre produkt frå villsau. Som alltid er det ei avvegning mellom auka inntekt og auka kostnader, medrekna auka arbeidsinnsats. Meir lokal foredling kan gjere det lettare å selje ein «pakke» av mellom anna kulturhistorie og villsauprodukt. I dette notatet har vi lagt stor vekt på å drøfte produktdifferensiering generelt og bruken av beskytta nemning spesielt som verkemiddel for auka verdiskaping. For villsauprodukt, som for andre differensierte produkt, er det viktig at det er samsvar mellom marknadsføring og det forbrukarane opplever.

Både i litteraturen og i intervju kom det fram at det er viktig at småskala gardsmatprodusentar er store nok til å tilby stabile leveransar og kunne dekkje kostnader til marknadsføring og anna. Dagens tilskotsordningar gjev ikkje støtte til meir enn 300 utegangarsauer. Utan denne avgrensinga kunne kanskje fleire ha satsa på eigen produksjon og eigne merkevarer.

Kystlynghei har mange verdiar som berre delvis har direkte samanheng med produkta frå sauehald. Dette kan vere planteartar og naturtype, kulturhistorie og vitskapleg verdi. Dette vil vere fellesgode som vanskeleg kan omsetjast i vanlege marknader. Ut frå ei mål-middelvurdering er det generelt viktig å rette midla så direkte som råd mot målet eller måla. Ut frå dette prinsippet er det riktig å rette støtte mot det ein vil oppnå.

Produksjonstilskot, med unnatak for tilskot til utegåande sauher, er generelle og ikkje retta spesielt mot kystlynghei. Gjennom RMP og delvis SMIL, og enda meir gjennom støtte til utvalde kystlyngheimråde har ein meir målretta innsats. Korleis RMP-støtte er gjeven varierer mellom fylke: Nokre gjev støtte til areal av kystlynghei når det er drive på bestemte måtar. Andre gjev støtte per dyr som beiter i kystlynghei. I dei høgast prioriterte områda er det inngått, eller arbeid i gang for å inngå, avtalar mellom jordbruksbedrifter og styresmaktene om korleis areala skal drivast og om betaling. Intensjonen er at slike avtala skal vere fleirårige, gjerne gjelde i ti år. At kriteria for tilskot varierer, kan gje hove til å samanlikne måloppfylling ved forskjellig utforming av ordningane. Dette er ikkje gjort i dette prosjektet. Ei ulempe er at kriteria er endra relativt ofte.

## 5.2 Nye problemstillingar

Mange spørsmål er ikkje tekne opp i dette prosjektet, og ein del spørsmål som er tekne opp, ville det vore interessant å undersøkje grundigare. Mellom dei spørsmåla som det er interessant å sjå grundigare på er følgjande:

- Føretaksøkonomiske forhold i primærproduksjon og foredling av villsauprodukt
- Marknader for lokalt foredra villsauprodukt; salskanalar, etterspørsel – utvikling og lærdomar frå andre land
- Eventuelle skalafordelar og «kritisk masse» i småskala foredlingsbedrifter
- Samanlikning av støtte per dyr, støtte per arealeining og eventuelt støtte basert på andre kriterium som til dømes tilstanden i kystlynghei
- Produsentsamanslutningar versus enkeltbedrifter.

Spørsmål som ikkje er tekne opp, men som er interessante i forlenginga av prosjektet er:

- Kven startar med utegåande sau, og kven sluttar med utegåande sau og kvifor?
- Verdsetjing av kystlynghei (betalingsvilje for kystlynghei)
- Dyrevelferd for små lam som blir haldne over ein vinter
- «Overvintring» av små lam, alternativt effekt av tilleggsföring av små lam om hausten for å oppnå ønskt slaktevekt utan overvintring, marknadsvurdering av fjorlam
- Effekt på mellom anna vegetasjon, beiteopptak, tilvekst og økonomi av tilleggsföring om vinteren og tidleg vår
- Effekt av beiting med andre dyr enn sau (til dømes geiter og ungdyr av storfe) på vegetasjon og beiteopptak; økonomisk betydning av slik beiting
- Avveging mellom hald av utegangar av gammalnorsk sau på visse arealgrupper (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) andsynes norsk, kvit sau og norsk spel-sau, ut frå produksjon og krav til merkevare.



# Referansar

---

- Altinn (2010). Merverdiavgiftsoppgjøret. <https://www.altinn.no/no/Starte-og-drive-bedrift/Drive/Styring-og-drift/Innberetning-av-mva/Merverdiavgiftsoppgjøret/>. Sett 19.05.2012.
- Altinn (2011). Hvilken organisasjonsform kan jeg velge? <https://www.altinn.no/no/Starte-og-drive-bedrift/Forberede/Velge-organisasjonsform/Hvilken-organisasjonsform-kan-jeg-velge/>. Sett 4.5.2012.
- Animalia (2010). Villsau produksjonen doblet på 5 år. <http://www.animalia.no/Artikler/2010/Lam-kvaliteten-god-men-pa-vei-ned1/>. Sett 4.5.2012.
- Animalia (2012). Nedgang i lammeproduksjonen. <http://www.animalia.no/Artikler/2012/Lam-kvaliteten-god-men-pa-vei-ned123/>. Sett 4.5.2012.
- Andgard, A. & T. Tufte (2010). *Beskyttede betegnelser som landbrukspolitisk virkemiddel. Rammevilkår for merkeordningen i Norge og EU*. Rapport 2 - 2010. Landbrukets Utredningskontor.
- Avdem, F. (2011). Produksjon av ullne skinn. <https://medlem.nortura.no/arkiv-nyhetsartikler/produksjon-av-ullne-skinn-article29247-12003.html>. Sett 12.08.2012.
- Bailey, D. & R. Ward (2007). Niche Market Pricing and Strategies for Maintaining Price Premiums. Kapittel 4 i Curtis, K. (red.) (2007). *Niche Markets*. Western Extension Marketing Committee og University Center for Economic Development, University of Nevada. Technical Report UCED 2007/08-13. <http://www.valueaddeddag.org/nichemarkets/NicheMarketscompletebook6-17-08.pdf>. 07.08.2012.
- Barry, P.J. & P.N. Ellinger (2010). *Financial Management in Agriculture*. Seventh Edition. Prentice Hall.
- Berge, S. (1955). Sau og geit. I: Johansson, I. (1955) (red.) *Husdyrrasene*. Del IV. LTs Förlag, Stockholm, og Grøndahl & Søn, Oslo.
- Beskyttede betegnelser (2011). <http://www.beskyttedebetegnelser.no/godkjente-produkter/>. Sett 14.06.2011.
- Boye, K. (1987). *Finansielle emner*. 6. utgave. Bedriftsøkonomens forlag.
- Bramley, C., E. Biénabe & J. Kirsten (2009). The economics of geographical indications: Towards a conceptual framework for geographical indication research in developing countries. I: IOPO (2009). *The economics of intellectual property*. Kapittel 4 (s.109-141). [http://www.wipo.int/ip-development/en/economics/pdf/wo\\_1012\\_e.pdf#page=121](http://www.wipo.int/ip-development/en/economics/pdf/wo_1012_e.pdf#page=121)
- Budsjettnemnda for jordbruket (2012). Utredning nr. 1 Jordbrukets totalregnskap 2010 og 2011. Jordbrukets totalbudsjett 2012. Registrerte og normaliserte tall. [http://www.nilf.no/budsjettnemnda\\_for\\_jordbruket/grunnlagsmateriale\\_til\\_jordbruksforshandlingene\\_1](http://www.nilf.no/budsjettnemnda_for_jordbruket/grunnlagsmateriale_til_jordbruksforshandlingene_1).
- Buer, H. (2011). *Villsauboka*. Selja Forlag.
- Direktoratet for naturforvaltning (2012a). Faggrunnlag for kystlynghei – Med sikte på utvelging til utvalgt naturtype. Rapport x-2012. <http://www.dirnat.no/multimedia/51954/Kystlynghei-faggrunnlag-19-mars-2012.pdf>.
- Direktoratet for naturforvaltning (2012b). Høring av forslag til forskrift og faggrunnlag for kystlynghei som utvalgte naturtype.

- <http://www.dirnat.no/multimedia/52671/Horing-av-forslag-til-forskrift-og-faggrunnlag-for-kystlynghei-som-utvalgte-naturtype.pdf&contentdisposition=attachment>.
- Drabløs, D. (1997). *Soga om smalen. Jubileumsskrift Norsk sau- og geitalslag 1947-1997*. Norsk sau- og geitalslag. Oslo.
- Dulleck, U., R. Kerschbamer & M. Sutter (2011). The Economics of Credence Goods: An Experiment on the Role of Liability, Verifiability, Reputation, and Competition. *American Economic Review* 101(2): 526–555.
- Eldby, H. & T. Tufte (2004). *Beskyttede Betegnelser: 3 case-studier fra Europa*. Landbruks Utredningskontor. Oslo.
- European Commission (2012). Agri-environment measures.  
[http://ec.europa.eu/agriculture/envir/measures/index\\_en.htm](http://ec.europa.eu/agriculture/envir/measures/index_en.htm). 10.05.2012.
- Fannemel, E. (2012). *Beskytta Nemningar. Marknaden i Noreg*. Masteroppgåve ved Økonomisk institutt, Universitetet i Oslo.
- Fatland (2011). Avregningspriser på slakt. Notering 18/2011 og 22/2011.  
<http://www.fatland.no/newsread/news.asp?docid=10364&wce=dokument>.  
4.5.2012.
- Fearne, A. & R. Walters (2004). *The costs and benefits of quality assurance to livestock producers in England. Final report*. Centre for Food Chain Research, Imperial College London. <http://v2.mlc.org.uk/downloads/pdfs/report-farmassurance.pdf>. Sett 22.05.2012.
- Folkeson, C. (2005). *Geographical Indications and Rural Development in the EU*. Master Thesis. Lund University, School of Economics and Management.  
<http://lup.lub.lu.se/luur/download?func=downloadFile&recordId=1334511&fileId=1647280>.
- Fortidsminneforeningen. Tautra klosterruin.  
<http://www.fortidsminneforeningen.no/eiendommer/21/28>. Sett 5.5.2011.
- Fremstad, E. (1992). *Virkninger av nitrogen på heivegetasjon. En litteraturstudie*. Norsk institutt for naturforskning. Oppdragsmelding 124.  
<http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/oppdragsmelding/124.pdf>.
- Fylkesmannen i Hordaland (2012). Søknad om tilskot frå regionalt miljøprogram (RMP) 2012. <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1169&amid=3596870>. Sett 03.08.2012.
- Geuze, M. (2009). The Provisions on Geographical Indications in the TRIPS Agreement. *The Estey Centre Journal of International Law and Trade Policy*. Vol 10 No. 1: 50–64. <http://ageconsearch.umn.edu/bitstream/48792/2/geuze10-1.pdf>.
- Hanley, N., H. Kirkpatrick, I. Simpson & D. Oglethorpe (1998). Principles for the Provision of Public Goods from Agriculture: Modeling Moorland Conservation in Scotland. *Land Economics* 74(1): 102–113.
- Hayes, D.J., S.H. Lence & A. Stoppa (2003). Farmer-Owned Brands? Briefing Paper 02-BP 39 (March 2003 (Revised)). Center for Agriculture and Rural Development (CARD).  
[http://www.agmrc.org/media/cms/CARD02BP39\\_5AFB75A83D43C.pdf](http://www.agmrc.org/media/cms/CARD02BP39_5AFB75A83D43C.pdf). Sett 16.05.2011.
- Ibele, E.W. (2009). The Nature and Function of Geographical Indications in Law. *The Estey Centre Journal of International Law and Trade Policy*. Vol 10 No. 1: 36–49. <http://ageconsearch.umn.edu/bitstream/48791/2/ibele10-1.pdf>.
- Jongeneel, R.A., N.B.P. Polman & L.H.G. Slangen (2008). Why are Dutch farmers going multifunctional? *Land Use Policy* 25(1): 81–94.  
<http://www.sciencedirect.com/science/journal/02648377/25/1>. Sett 03.08.2012.

- Josling, T. (2006). What's in a Name? The economics, law and politics of Geographical Indications for foods and beverages. IIIS Discussion Paper No. 109/January 2006.
- Kaland, P.E. (1999). Kystlynghei. I: Norderhaug, A., I. Austad, L. Hauge og M. Kvamme (red.), (1999). *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*. Landbruksforlaget.
- Kaland, E. & M. Kvamme (2012). Kystlyngheiene i Norge – kunnskapsstatus og forslag til referanse-områder. I: Direktoratet for naturforvaltning (2012a). *Faggrunnlag for kystlynghei – Med sikte på utvelging til utvalgt naturtype*. Rapport x-2012. <http://www.dirnat.no/multimedia/51954/Kystlynghei-faggrunnlag-19-mars-2012.pdf>.
- Kireeva, I. (2011). How to register geographical indications in the European Community. *World Patent Information* 33: 72–77.
- Kittelsen, E. (2008). *Geographical and management related factors affecting lambs of outwintered sheep along the west coast of Norway*. Master thesis. University of Bergen, Department of Biology.
- KSL Matmerk (2011). <http://www.spesialitet.no/>. 14.10.2011.
- Kvamme, M., P.E. Kaland & A. Norderhaug (2009). «Gi oss i dag vårt daglige brød!» Bruk og produkter fra kystlyngheiene. *Naturen* 133 (2): 76–85.
- Kvamme, M., P.E. Kaland & N.G. Brekke (2004). *Conservation and management of North European coastal Heathlands. Case study: The Heathland Centre, Western Norway*. HEATHGUARD, The Heathland Centre.
- Lindgaard, A. & S. Henriksen (2011). *Norsk rødliste for naturtyper*. Artsdatabanken. Trondheim.
- Lobley, M., M. Turner, G. MacQueen & D. Wakefield (2005). “Born out of crisis”: an analysis of moorland management agreements on Exmoor. Final report. CTT Research Report 12. Centre for Rural Research, University of Exeter.
- Loureiro, M.L. & J.J. McCluskey (2000). Assessing consumer response to Protected Geographical Identification Labeling. *Agribusiness* 16 (3) (Summer 2000): 309–320.
- Løne, T. (1991): Villsauen i Austevoll. I: Jord og gjerning 1991 s. 33–45.
- Matzdorf, B. & J. Lorenz (2010). How cost-effective are result-oriented agri-environmental measures?-An empirical analysis in Germany. *Land Use Policy* 27(2):535–544.
- McCluskey, J.J. & M.L. Loureiro (2003). Consumer Preferences and Willingness to Pay for Food Labeling: A Discussion of Empirical Studies. *Journal of Food Distribution Research* 43(3): 95–102.
- Natural England (2012). Environmental Stewardship. <http://www.naturalengland.org.uk/ourwork/farming/funding/es/default.aspx>. Sett 10.05.2012.
- Nesseby villsaulag (2012). *Villsau fra Varanger*. <http://www.villsaufravaranger.no/web/?giella1>=. Sett 27.06.2012.
- NILF (2011). Driftsgranskinger i jord- og skogbruk. Rekneskapsresultat 2010. Rapport S-100-11.
- Nilsen (u.å.) Villsauen – kystlyngheiene slåttekar. [http://www.havvillsau.no/index.php?option=com\\_content&view=article&id=56:villsauen-artikel-av-heidi&catid=35:frontside](http://www.havvillsau.no/index.php?option=com_content&view=article&id=56:villsauen-artikel-av-heidi&catid=35:frontside).
- Norderhaug, A. & P. Thorvaldsen (2011). Variasjon i beitepreferanse gjennom året hos utegangersau i kystlynghei. Foredrag Husdyrforsøksmøtet 2011. [http://www.fag.nsg.no/default.cfm?sok\\_dyreslag\\_id=&sok\\_fagomrade\\_id=2&sok\\_tekst=&sok\\_artikkel\\_id=58](http://www.fag.nsg.no/default.cfm?sok_dyreslag_id=&sok_fagomrade_id=2&sok_tekst=&sok_artikkel_id=58). Sett 5.5.2012.
- Norsk genressurssenter (2012a). Gammelnorsk sau. <http://www.skogoglandskap.no/Artsbeskrivelser/gammelnorsk.sau>. Sett 5.5.2012.

- Norsk genressurssenter (2012b). Gammelnorsk spælsau.  
<http://www.skogoglandskap.no/Artsbeskrivelser/gammelnorskspael>. Sett 5.5.2012.
- Nortura (2011). Utdrag av Norturas basis avgrenningspriser. *Bondebladet* nr 37 (15. september 2011) og nr 41 (13. oktober 2011).
- Polman, N. & L. Slangen (2008). Institutional design of agri-environmental contracts in the European Union: the role of trust and social capital. *NJAS Wageningen Journal Of Life Sciences*. 55(4): 413–430.  
<http://library.wur.nl/ojs/index.php/njas/article/viewFile/1593/1135>.
- Prop. 126 S (2010-2011). *Jordbruksoppkjøret 2011 – endringer i statsbudsjettet for 2011 m.m.* <http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/regpubl/prop/2010-2011/prop-126-s-2010-2011.html?id=644800>
- Quilléron, E. & R. Fraser (2010). Adverse Selection in the Environmental Stewardship Scheme: Does the Higher Level Stewardship Scheme Design Reduce Adverse Selection? *Journal of Agricultural Economic*. 61 (2): 369–380.
- Rangnekar, D. (2004). *The Socio-Economics of Geographical indications. A Review of Empirical Evidence from Europe*. ICTSD og UNCTAD. Issue Paper No. 8.  
<http://ictsd.org/downloads/2008/07/a.pdf>.
- Sandvik, A. (2009). *Rapport Solundprosjektet 1999–2009: Fornying av beite*. Forskningsringen Sogn og Fjordane.  
<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=481&amid=2585431>. Sett 10.08.2012.
- Schanche, K., (2011). *Sluttrapport fra utviklingsprosjektet. Nesseby villsauprodukter BA*.  
[http://www.villsaufravaranger.no/govat/doc/sluttrapport\\_produktutviklingsprosjekt.pdf](http://www.villsaufravaranger.no/govat/doc/sluttrapport_produktutviklingsprosjekt.pdf). Sett 02.07.2012.
- Sepúlveda, W.S., M.T. Maza & A.R. Mantecón (2009). Factors associated with the purchase of designation of origin lamb meat. *Meat Science* 85 (1): 167–173.
- Sepúlveda, W.S., M.T. Maza, L. Pardos & E. Fantova (2010). Farmers' attitudes towards lamb meat production under Protected Geographical Indications. *Small Ruminant Research* 94: 90–97.
- Spissøy, A. (2006). *Bønder i byd'n - Bergen matfestival 2006 - ei undersøking blant publikum og utstillarar*, NILF notat 2006 – 17.
- Smitt, J. (1874). Det norske Landbrugs Historie i Tidsrummet 1815–1870. Udgivet af Selskabet for Folkeoplysningens Fremme. Første tillægshefte til "Bondevennen" for 1874.
- Statens landbruksforvaltning (2009a). *Evaluering av SMIL - spesielle miljøtiltak i landbruket*. Rapport-nr.: 5/2009. Statens landbruksforvaltning.
- Statens landbruksforvaltning (2009b). Pristilskudd ull. Rundskriv 52/09.
- Statens landbruksforvaltning (2009c). *Norsk landbruk – en situasjonsbeskrivelse 2009*.  
[http://www.slf.dep.no/iKnowBase/Content/10697/090330%20NORSK%20LANDBRUK%20EN%20SITUASJONSBESKRIVELSE%202009\\_V2.PDF](http://www.slf.dep.no/iKnowBase/Content/10697/090330%20NORSK%20LANDBRUK%20EN%20SITUASJONSBESKRIVELSE%202009_V2.PDF).
- Statens landbruksforvaltning (2010a). Søknad om produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid. Søknadsfrist 20. august 2010 og 20. januar 2011.
- Statens landbruksforvaltning (2010b). Retningslinjer for ulne skinn og pelsskinn. Rundskriv 22/10.
- Statens landbruksforvaltning (2011a). Søknadsskjema med varekode og tilskuddsatser for norsk ull 01.09.2011–31.08.2012 <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/andre/ull/satser>.

- Statens landbruksforvaltning (2011b). Søknad om produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid, SLF, Søknadsfrist 20. august 2011 og 20. januar 2012. Veiledningshefte SLF-005.
- Statens landbruksforvaltning (2012a). *Produksjon og omsetning av økologiske landbruksvarer. Rapport for 2011*. SLF, Rapport nr. 13/2012.
- Statens landbruksforvaltning (2012b). *Miljøstatus i landbruket 2012*. Rapport nr. 8/2012.
- Statistisk sentralbyrå (2012). Begreper i nasjonalregnskapet.  
<http://www.ssb.no/emner/09/01/begreper/>. Sett 16.05.2012.
- St.prp. nr. 69 (2004-2005). *Om jordbruksoppgjøret 2005 – endringer i statsbudsjettet for 2005 m.m.* Administrasjonsdepartementet.
- Sulebust, J. (1998). *Strilesoga Band 2: Frå vikingtid til 1650*. Eide forlag.
- Sæland, J. (1919). Sauens avl, føring og stel. I: Ødegaard, N., (red.). *Landbruksboken. En samlet fremstilling av lærer om landbruket, dets forskjellige grener*. Andet Bind. Spalte 552-606. H. Aschehoug & CO. Kristiania.
- Taubman, A., H. Wager & J. Watal (red.) (2012). *A Handbook on the WTO TRIPS Agreement*. Cambridge University Press.
- Thorvaldsen, P. (2011). *Skjøtselsplan for kystlynghei på Tarva i Bjugn kommune*. Bioforsk Rapport Vol 6 nr. 134 2011.  
[http://www.regjeringen.no/upload/LMD/Fylkesnytt/vedlegg/BIOFORSK\\_RAPPORT\\_6\\_2011.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/LMD/Fylkesnytt/vedlegg/BIOFORSK_RAPPORT_6_2011.pdf).
- Tufte, T. (2006). *Beskyttede betegnelser. Status og utviklingstrekk for merkeordningen*. Landbrukets Utredningskontor. Oslo.
- Velle, L.G. (2012). *Fire as a management tool in costal heathlands: a regional perspective*. Dissertation for the degree of philosophia doctor (PhD). University of Bergen.
- Velle, L. G. & S. L. Øpstad (2009). Utegangarsau av gammal norrøn rase, ein kulturbærar. *Naturen* 133(2): 94–100.
- Velle, L.G., S.L. Øpstad, H. Waldeleand, T.H Garmo & N. Pedersen Asper (2005). Beiting med utegangarsau som skjøtsel av kystlynghei og tankar kring næringsutvikling. *Grøn kunnskap* 9 (4):202–209.
- Aanesland, N. & A. Wold (1981). *Sjølforsyning og alternativ arealutnytting i en Vestlandsregion*. Universitetet i Bergen, Lindåsprosjektet, Rapport nr. 32, Norges landbrukshøgskole, Institutt for landbruksøkonomi, Melding nr 38.

## **Lover og forskrifter**

Lovdata.no er generell referanse til alle lover og forskrifter. Følgjande lover og forskrifter er referert eksplisitt til:

LOV 2003-12-19 nr 124: Lov om matproduksjon og mattryygghet mv. (matloven).

<http://www.lovdata.no/all/hl-20031219-124.html>.

Lov 19. juni 2009 nr 100. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). <http://www.lovdata.no/all/hl-20090619-100.html>

LOV 2010-03-26 nr 08: Lov om beskyttelse av varemerker (varemerkeloven)

FOR 2002-07-05 nr 698: Forskrift om beskyttelse av opprinnelsesbetegnelser, geografiske betegnelser og betegnelser for tradisjonelt sær preg på næringsmidler.

<http://www.lovdata.no/cgi-wifit/ldles?doc=/sf/sf/sf-20020705-0698.html>

FOR 2010-11-04 nr 1402: Forskrift om vern av Villsau fra Norskekysten som geografisk nemning. <http://www.lovdata.no/cgi-wifit/ldles?doc=/sf/sf/sf-20101104-1402.html>.

# *Tidligere utgitt i denne serien – 2012*

---

- 2012–1 Environmental and climate analysis for the Norwegian agriculture and food sector and assessment of actions. John Hille, Christian Solli, Karen Refsgaard, Knut Krokann, Helge Berglann, 153 s.
- 2012–2 Støtte til økologisk landbruk. Oddmund Hjukse, Ole Kristian Stornes, 42 s.
- 2012–3 Utbyggingsbruk i Hordaland. Torbjørn Haukås, 52 s.
- 2012–4 Innovasjon i landbruket. Trygve Kjølsseth, Ivar Pettersen, 29 s.
- 2012–5 Hva skal det være: epler i løsvekt eller emballert? Butikkforsøk med norske, økologiske epler. Anna Birgitte Milford, 31 s.
- 2012–6 Handlingsrommet for konkurransedyktige verdikjeder for mat. Ellen Henrikke Aalerud, Julie Nåvik Hval, Ivar Pettersen, Johanne Kjuus, 99 s.
- 2012–7 Fleire dyr på sommerferie? Evaluering av beiteordningene. Agnar Hegrenes, Julie Nåvik Hval, Leif Jarle Asheim, Mads Svennerud, 102 s.
- 2012–8 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge 2010. Øyvind Hansen, 73 s.
- 2012–9 Økonomien i landbruket i Trøndelag i 2010. Utviklingstrekk 2001–2010. Tabellsamling 2006–2010. Inger Sofie Murvold Knutsen, Svein Olav Holien, Knut Krokann, Siv Karin Paulsen Rye, Kristin Stokke Folstad, 87 s.
- 2012–10 Økonomien i jordbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2006–2010. Tabellsamling 2006–2010. Terje Haug, 87 s.
- 2012–11 Betalingsvillighet for landbrukets produksjon av kollektive goder. En litteraturgjennomgang. Arild Spissøy, Anna Birgitte Milford, Sjur Spildo Prestegard, 36 s.
- 2012–12 Melding om årsveksten 2011. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbø, Oddmund Hjukse, 18 s.
- 2012–13 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2001–2010. Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 72 s.
- 2012–14 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland. Trendar og økonomisk utvikling 2001–2010. Tabellsamling 2006–2010. Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 78 s.
- 2012–15 Økologisk frukt og bær i Norge. Hvor mye produseres og hvordan omsettes det? Anna Birgitte Milford, 33 s.
- 2012–16 Utbyggingsbruk i Hordaland – del 2. Torbjørn Haukås, 40 s.
- 2012–17 Grensehandel – utvikling, årsaker og virkning. Anna Birgitte Milford, Arild Spissøy, Ivar Pettersen, 57 s.
- 2012–18 Utbyggingsbruk i Østfold og Akershus. Gry-Heidi Ruud-Wethal, Lars Johan Rustad, Ingrid Fjellstad Luke, 41 s.
- 2012–19 Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringer i Rogaland. Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, 62 s.
- 2012–20 Verdiskaping i Møre og Romsdal. Siv Karin Paulsen Rye, 61 s.
- 2012–21 Pelsdyrhold i Norge – avvikling, arbeidsforbruk og selskapsform. Ivar Hovland, Erik Bøe, 17 s
- 2012–22 En gjennomgang av virkemidler under Landbruks- og matdepartementet med betydning for økosystemtjenester. Valborg Kvakkkestad, Ingunn Nebell, Per Kristian Rålm, 56 s.
- 2012–23 Gjennomgang av de direkte og kostnadssenkende tilskuddene over reindriftsavtalen. Valborg Kvakkkestad, Ellen Henrikke Aalerud, 81 s.
- 2012–24 Dekningsbidragskalkyler Nord-Norge. Ole Kristian Stornes, 45 s.

- 2012-25 Fordeling av produktivitetsframgang. Enkelte teorielement og litt empiri. Agnar Hegrenes, 41 s.  
2012-26 Landbruk og kompetansebehov i fjellregionen. Ivar Pettersen, Miriam Søgnen Haugsbø, 27 s.

## *Tidligere utgitt i denne serien – 2013*

---

- 2013–1 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling. Anastasia Olsen, Torbjørn Haukås, 76 s.
- 2013–2 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland. Trendar og økonomisk utvikling 2002–2011. Tabellsamling 2007–2011. Anastasia Olsen, Torbjørn Haukås, Heidi Knutsen, 80 s.
- 2013–3 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge 2011. Øyvind Hansen, 71 s.
- 2013–4 Verdiskaping i jordbruket i Trøndelag. Siv Karin Paulsen Rye, Stefan Brunzell, Kristin Stokke Folstad, Heidi Knutsen, 84 s.
- 2013–5 Governing Innovation for Sustainable Development: Designing creative institutions. John Bryden, Stig S. Gezelius, Karen Refsgaard, 21 s.
- 2013–7 Kan gårdsbasert entreprenørskap bidra til reiselivsutvikling og et livskraftig lokalsamfunn i Balsfjord kommune? Bente Sørensen, 82 s.
- 2013–8 Økonomien i landbruket i Trøndelag. Utviklingstrekk 2002–2011. Tabellsamling i 2007–2011. Kjell Staven, Svein Olav Holien, Kristin Stokke Folstad, Siv Karin Paulsen Rye, Inger Sofie Murvold Knutsen, 76 s.

---

## A D R E S S E   H O V E D K O N T O R

Postadresse: Postboks 8024 Dep 0030 OSLO	Kontoradresse: Storgata 2-4-6	Telefon: 22 36 72 00 Telefaks: 22 36 72 99 E-post: postmottak@nilf.no Internett: www.nilf.no
--	----------------------------------	---

---

## A D R E S S E   D I S T R I K T S K O N T O R E R

Bergen	Postadresse: Telefon: Telefaks: E-post:	Postboks 7317, 5020 BERGEN 22 36 72 40 22 36 72 99 postmottak-Bergen@nilf.no
Trondheim	Postadresse: Telefon: Telefaks: E-post:	Postboks 4718 – Sluppen, 7468 TRONDHEIM 73 19 94 10 73 19 94 11 postmottak-Trondheim@nilf.no
Bodø	Postadresse: Telefon: Telefaks: E-post:	Statens hus, Moloveien 10, 8002 BODØ 22 36 72 51 22 36 72 99 postmottak-Bodo@nilf.no

---

ISBN 978-82-7077-860-7  
ISSN 0805-9691

